

Forprosjektrapport
20. september 2000

NORSK ORDBOK 2014

- om vegen fram til fullføring av ordboksverket i 2014

Om folket – av folket – for folket
Slagord frå den første NO-brosjyren (1950)

Innhald

INNLEIING OG SAMANDRAG	3
Innføring.....	3
Norsk Ordbok 2014.....	4
Samandrag.....	5
Normal og særmerkt	6
Formatet til Norsk Ordbok.....	6
Er Norsk Ordbok forskning eller utgjeving?.....	7
Organisering, styring og økonomi	8
Eksternprosjektet frå 1987.....	9
Premiss for omstilling.....	9
NORSK ORDBOK, BRUKARANE OG SAMFUNNET.....	11
Kven eig Norsk Ordbok?.....	11
Kven er Norsk Ordbok for?.....	11
Ekstern kommunikasjon med brukarar og andre.....	13
Ekstern kommunikasjon med brukarar og andre.....	14
NY ORGANISATORISK TILKNYTING FOR NORSK ORDBOK.....	14
Tilknyping til Universitetet	14
Ulike organisasjonsmodellar	14
Val av modell.....	15
NY ARBEIDSORDNING OG STYRING.....	17
Mål og planlegging.....	17
Dagleg leing, sjefsredaktør.....	17
Stillingstypar i redaksjonen.....	18
Spesialisering.....	19
Arbeidspliket.....	19
Desentralisering av redaksjonsarbeidet	20
Produksjonsnorm	20
Oppdatering undervegs.....	21
Lokale og andre praktiske spørsmål.....	21
BUDSJETT FOR NORSK ORDBOK 2014.....	22
Årsverksbehov.....	22
Alternativkostnad.....	24
Alternativkostnad.....	25
REKRUTTERING OG OPPLÆRING.....	25
Semesteremne i leksikografi	25
Spesielt opplæringsstilbod for Norsk Ordbok.....	26
Etter- og vidareutdanning.....	27
Rekrutteringsplan.....	27
Rekrutteringsplan.....	28
REDIGERINGSHANDBOK.....	29
TEKNOLOGISKE LØYSINGAR.....	29
Omlegging av redigeringsarbeidet	29
«Metaordboka» som arbeidsreiskap	29
«Metaordboka» som arbeidsreiskap	30
Dataarkiv – oppbavsrett og tryggleik	31
Dataarkiv – oppbavsrett og tryggleik	31
UTGJEVING.....	31
Bok og nettpubliserings	31
Bok og nettpubliserings	31
«Metaordboka» som publikasjon	33
KJELDER.....	35
VEDLEGG.....	35

Føreord

Underskrivne står ansvarleg for denne rapporten. Innanfor godkjent mandat har eg mellom 5. juni og 20. september 2000 hatt som oppgåve å setja meg inn i arbeidet til Norsk Ordbok-redaksjonen på Blindern, tankane ulike aktørar i og rundt ordboka har hatt om samtid og framtid, og fabulering om målet Kulturdepartementet sette for ordboka like før jul i 1999: å få det nasjonale storhendet ho er ferdig til det nasjonale storhendet det er når Grunnlova fyller 200 år i 2014.

Arbeidet har vore interessant og krevjande. Eg takkar Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved instituttstyrar Hans H. Skei for gode arbeidsvilkår. Eg vil særleg takka redaksjonsmedlemene Lars S. Vikør, Dagfinn Worren, Arnbjørg Hageberg, Sigurd Nordlie, Laurits Killingbergtrø, Magne Myhren, Olaf Almenningen, Oddrun Grønvik, Terje Svardal, Gudmund Harildstad og Anne Engø for romsleg hopehav med ein inntrengjar som skulle studera dei i tre månader. Dei har gjeve meg innsyn i alle interne prosessar og dokument, og vore svært opne. Det skulle borga for ein konstruktiv prosess i oppfølginga av rapporten. Dei andre kontaktpersonane for forprosjektet, Kåre Lilleholt frå Nemnda og Eli Fiskvik frå Samlaget, skal også ha takk.

Redaktør Johan L. Tønnesson skriv i Apollon nr 3-4/2000 om kortnemninga for verket, som i rapporten er nytta mange stader: *««NO» – den offisielle forkortinga på eit verk stappfullt av forkortingar er ei litt paradoksal kortnemning for ein mål- og målføredugnad som tok til i 1930 og som med med dagens utgjevingsfart er ferdig i 2060.»* Her kan «NO» tena som eit godt og stutt motto for arbeidet framover.

Ved å føreskriva større framdrift for eit forskingsarbeid som Norsk Ordbok stiller ein seg lagleg til for hogg – med påstandar om undervurdering. Mange har nemnt risikoen for det. Eg vonar likevel eg har fått fram eit mest mogleg rettvist resultat av det opne sinn og den store respekt eg har møtt det krevjande ordboksarbeidet og den røynde redaksjonen med. Oppfølginga blir eit puslespel av organisering, leksikografifagleg utvikling og medvite arbeid overfor løyvande styresmakter.

Rapporten er overlevert til Institutt for nordistikk og litteraturvitskap i dag.

Blindern, 20. september 2000

Steinulf Tungesvik

Innleiing og samandrag

Innføring

«Redan efter tre band är NO ett storverk. Vi ser med förväntan fram emot fortsättningen.»
Maj Reinhammar, redaktør i tidsskriftet *Svenska landsmål och svenskt folkliv*

Storverket Norsk Ordbok er ved ein krossveg 70 år etter at arbeidet byrja, og 50 år etter at utgjevinga kom i gang med første heftet. Grundig og høgt kvalifisert arbeid er lagt ned i det som snart er 4 fullførde band av Noregs største ordbok. Omverda ventar utålmodig på meir. Derfor har påskunding av arbeidet stått høgt på dagsorden i *Nemnda for Norsk Ordbok* og i redaksjonen dei siste åra. Ein del tiltak er sette i verk, og i søknaden til Kulturdepartementet for 2000 vart det ymta om slutføring i 2025 som siktemål. Ei omstilling for Norsk Ordbok kan byggja vidare på dei tankane og framlegga som har vore framme, og det er viktig at det no resulterer i verkelege vedtak. Redaksjonen og omgjevnadene har levd lenge nok med uvisse om framtida.

Mål om eit slutføringsår (2014) ligg for første gong føre gjennom St meld nr 22 (1999-2000), og situasjonen er dermed fullstendig endra. Herfrå kan Norsk Ordbok sjå framover mot eit bestemt mål, og innretta arbeidet etter det. Føresetnaden er at regjeringa, Stortinget og Universitetet stiller opp med ressursar til den omstillinga som trengst. Denne rapporten handlar om kva som må til.

«For læraren er NO ei fullverdig ordbok som inneheld meir enn tradisjonelle ordbøker gjer. Det som gjer verket upraktisk, er at berre tre band ligg føre.» Lærer **Olav Veka** i R 1997

Norsk Ordbok står på stolte skuldrer. Namnet er ikkje tilfeldig på verket, som er vidareføringa gjennom store delar av 1900-talet og no i samtida av arbeida til dei store føregangsmennene i norsk og nynorsk leksikografi. Ein kvar annan bruk av denne tittelen på eit bokverk er derfor ei tilsniking som ikkje kan vera seriøse utgjevarar verdig.

Ivar Aasen sa ved utgjevinga av standardverket *Norsk Ordbog* i 1873:

«Det er vel ogsaa meget, som endnu ikke er samlet og som altsaa først kan komme for Lyset ved en senere Leilighed». **Ivar Aasen**

Det skulle Hans Ross bli den første til å ta tak i. Han skreiv si *Norsk Ordbog, Tillæg til «Norsk Ordbog» af Ivar Aasen*:

«En Trediemand vil i en Fremtid vide at sammenarbejde de to Værker, rette på de Mangler som maatte være der.» **Hans Ross**

Norsk Ordbok byrja der i 1930, og har seinare gripe vidare. Frå mål om å setja saman dei eksisterande ordbøkene og omsetja tydingane til nynorsk, greip ein etter andre verdskrigen mykje vidare på grunnlag av stort tilfang av nytt innsamla materiale.

Å få fram og fullføra den djerve planen bak Norsk Ordbok er eit avgjerande viktig steg for heile det norske språksamfunnet. Verket plasserer norsk i samanheng med andre større europeiske kulturspråk, og det fyller hola for dialektane og nynorsken, der me har Riksmålsordboka frå før. NO er med og ber eit stort internasjonalt ansvar for norsk språk. Statsråd Ellen Horn uttrykte dette ansvaret tydeleg i sin tale ved opninga av Nynorsk kultursentrum 22. juni 2000:

«Ved å ta lærdom av vår eigen fleirkulturelle situasjon, som nynorsken har prega så sterkt, vil vi også vere betre budde på å møte det fleirkulturelle internasjonale samfunnet. Denne kulturelle spenninga mellom jamstelte målformer, med alle dei spørsmål om makt som den spenninga inneber, er med og gjer norsk kultur interessant i andre land.» (Kulturminister **Ellen Horn**)

Norsk Ordbok har ei særleg oppgåve som formidlar av ei språkleg bevisstgjerung, ei bevisstgjerung om dei rikdomane som ligg i dialektane sitt tradisjonelle ordforråd og i nynorsktradisjonen. «*Dialektar og særleg nynorsk er kontroversielle fenomen i Noreg, begge eksisterer i opposisjon til det dominerande bokmålet, som bl.a. har den økonomiske rasjonaliteten på si side*», seier hovudredaktør Lars S. Vikør (Vikør 1999). Han peikar vidare på at medvit om språk- og kulturverdiar, tradisjonar og identitet som nynorsken og dialektane representerer, er verdiar som står sterkt i dag, men som likevel er truga. NO er eit viktig ledd i forsvaret av desse verdiane. Dette forsvaret trengst no og i nær framtid, for mislukkast ein no, «*er det ingen som vil vere interessert i å studere tolv band NO om seksti år, eller finansiære produksjonem*».

Norsk Ordbok 2014

Målet om ferdiggjering i 2014 må konkret gå ut på at ordboksverket skal liggja føre i 12 bands bokutgåve då. Ved å gjera arbeidsreiskapen «metaordboka», som er det samla kjeldematerialet for ordboka, offentleg tilgjengeleg, kan den representera ei «publisering» lenge før 2014 også. Somme relaterte arbeidsoppgåver bør definerast utanfor prosjektet, og må anten utførast av andre eller etter 2014. Dette gjeld t.d. arbeid med vedlikehald av samlingane som ligg til grunn for ordboka, oppdatering av band 1-4 og utgjeving i elektronisk utgåve.

Status for NO ved tusenårsskiftet er at ein held ei framdrift som tilseier at ein treng 40 - 60 år til for å få verket ferdig. Det er ein uhaldbar situasjon for alle som ønskjer ordboka det beste. Stortinget og Kulturdepartementet gjekk frå 1987 inn med det såkalla Eksternprosjektet og har finansiert nokre stillingar i redaksjonen etter det. No er styresmaktene utålmodige og tek kulturpolitisk ansvar med framlegget om sterk vekst i Eksternprosjektet i St meld nr 22 (1999-2000). Meldinga som vart lagd fram av sentrumsregjeringa har sitjande regjering stilt seg bak, og støtte i Stortinget skulle det derfor liggja til rette for, når saka kjem opp i november 2000.

«Her er det ... ein mest av alt ventar seg av Norsk Ordbok: at verket blir ferdig, om ikkje før hundreåret raudner ned, så ikkje altfor lenge etter. Den fyrste som ein gong skal leggje hendene på det ferdige, bandsterke verket, har nått ein av dei viktigaste milestolpane i saga om nynorsk etter Ivar Aasen.» Kjell Venås 1988

Allereie i juni 2000 sette Universitetet i Oslo i gang forprosjektet for å kartleggja kva som må til av omleggingar for å nå 2014-målet. Mandatet for forprosjektet ligg ved. Det knesett som føresetnader for ordboka at omfanget skal vera på 12 band, og at kvaliteten skal oppretthaldast på internasjonalt godteke nivå for vitskapleg ordboksarbeid. Forprosjektet skal staka ut ein kurs som må løysa hovudutfordringane til Norsk Ordbok: sein framdrift, for stort omfang og laber rekruttering.

Framdrifta er den største utfordringa til Norsk Ordbok og den er på line med framdrifta liknande verk i andre språkområde og land har hatt. Det som kan seiast vera spesielt med framdrifta til Norsk Ordbok er at redigeringa held på under ein sær lang tidshorisont i vår samtid. Fordi ordboka har så viktige funksjonar å fylla som fullført verk, er det vitalt å påskunda arbeidet no.

Er det i det heile mogleg å nå målet i 2014? Målet er sett ut frå ønsket om å ha det nasjonale storverket ferdig til grunnlovsjubileet for heile den norske nasjonen. Målet er ambisiøst, og det krev at ein ikkje nøler, men kjem tidleg i gang. Stram og realistisk planlegging må følgjast nøye opp. Føresetnadene i form av løyvingar, organisering og rekruttering må koma på plass. Det skal lite til før planen ikkje held. Når ein satsar må redaksjonen få visse om full satsing heilt fram, og redaksjonen og organisasjonen rundt denne må gå inn for det, om det er harde bod og sterke krav til omstilling. Forprosjektet har ikkje funne grunn til i detalj å drøfta fullføring i alternative, seinare år.

Hovudredaktør Lars S. Vikør skildrar to filosofiar som kan leggjast til grunn for arbeidet med NO. Begge syna er nok representerte i redaksjonen. 1) Det eine er at NOs verdi er heva over tid og stad, og at det rettferdiggjier arbeidet sjølv om nolevande nordmenn ikkje får glede av meir enn ein del av det. Vikør seier at ein må ha sympati og beundring for synet, men at

veikskapen er at ordboka ikkje blir redigert og slett ikkje finansiert uavhengig av tid og stad. «På mange måtar er denne evigheitssatsinga ei gambling med ei uviss framtid, sjølv om dei andre fleirgenerasjonsordbøkene faktisk har lykkast med det.» (Vikør 1999). Til det er å seia at dei andre er ferdige, eller har tidfesta planar for å bli det. 2) Ein alternativ filosofi er å ta utgangspunkt i dagens norske samfunn, og sjå det slik at dei kunnskapane som NO formidlar, er nødvendige no og i den nære framtida. Dersom ein ikkje grip sjansen og satsar no, blir lagnaden til det enorme arbeidet som er gjort, meir uviss. NO har hatt sjansen i mange år til å ta initiativ til endringar. St meld nr 22 (1999-2000) er den beste sjansen til å få fullført verket som Noreg treng.

Når satsinga og målet synest som harde bod, er det verdt å ta med seg at det er særns sannsynleg at den teknologiske utviklinga dei neste 14 åra vil gjera at nokre delar av arbeidsprosessen vil kunna gå snøggare enn det me kjenner til i dag. Det er òg verdt å ta med seg at påskundingsprosessar har lukkast før. Eit godt døme er den nederlandske WNT, der ein frå 1976 til punkt og prikke følgde planane ein hadde sett om fullføring av eit verk med like høg kvalitet 22 år fram i tid i staden for den opprinnelege planen om 80 år, som kanskje aldri ville ha vorte realisert (sjå rapport frå WNT i vedlegg 4).

Samandrag

Denne rapporten legg til grunn at Noreg og norsk skriftkultur treng Norsk Ordbok. Den peikar på korleis ei omstilling på alle plan kan gjennomførast for å nå målet i St meld nr 22 (1999-2000) om å ha ei fullstendig 12 bands Norsk Ordbok i 2014 med same høge kvalitet. Den drøftar realismen i målet, og gjer det klart at det er ei særns krevjande oppgåve, men at det er mogleg om føresetnadene i form av organisering, rekruttering, budsjett og vilje til satsing kjem på plass. Samstundes peikar han på at utsiktene for ordboksverket dersom det ikkje vert sett i gang gjennomgripande endringar ikkje naudsynlegvis er så gode.

Opptappinga av ein redaksjon som med alle tilknytte i dag tel om lag 13 stillingar, med på det meste 15 til krev planmessig oppbygging frå byrjinga. Rekrutteringa blir noko av det vanskelegaste. Vidare skal nokre nye reiskapar på plass i form av dataverktøy og redigeringshandbok. Desse oppgåvene må løysast straks:

- «Metaordboka» må gjerast ferdig, d v s at dataføring av resten må forserast. Heile jobben krev om lag 4 nye årsverk frå oktober 2000. Redigeringsprogram som skal integrerast med metaordboka må vera ferdig tidleg i 2001
- Redigeringshandboka som Lars S. Vikør utviklar skal liggja føre våren 2001
- Ein permanent dagleg leiar til å setja i gang omstillinga bør tilsetjast så snart det er midlar
- Eit opplæringsprogram og ein konkret rekrutteringsplan må lagast i 2001

Dagleg leiar må veljast ut på grunnlag av kunnskapar om økonomi, personalleiing og organisasjonsutvikling, i tillegg til at det er ein stor fordel om denne personen er fagperson i leksikografi og såleis også kan vera fagleg leiar. Det er eit større potensiale i redaksjonen enn det som blir utløyst i dag til å dra betre saman, og dermed raskare. For å sikra framdrifta må redaksjonen innføra planlegging og sterkare styring, og den må organiserast som eit prosjekt for seg, som fleire representantar for «eigarane» av Norsk Ordbok enn Universitetet i Oslo er med på å styra. Samarbeidet mellom desse må styrkjast.

Ein bør tenkja nytt om korleis redigeringsarbeidet blir lagt opp. Med nye datareiskapar vil det opna seg moglegheiter til å redigera spesialisert etter temaval og artikkeldel. Redigeringa kan skje på tvers og på langs, og slik at fleire medarbeidarar skriv på same ordartikkel mot ein database, og redaktørane kan få meir avlastning. Dette opnar for fleksibel organisering. Rapporten føreset at det er mogleg å setja opp ei produksjonsnorm pr årsverk på 20 ordbokssider. Det er noko meir enn dagens produksjon, men mindre enn dei raskaste redaktørane. Rapporten føreslår ei rekkje tiltak for påskunding av arbeidet, og det kan derfor vera opning for at denne norma kan aukast seinare.

Rapporten føreset at nynorsk leksikografi skal halda fram på Universitetet i Oslo etter 2014, og legg til grunn at Underavdeling for nynorsk skal haldast i gang undervegs, i lite omfang.

Norsk Ordbok i 2000

Normal og særmerkt

Norsk Ordbok er det største norske ordboksverket nokon gong. Det *vitskapelege ordboksverket* skal dekkja dei levande norske dialektane med røter i mellomalderen og det nynorske skriftmålet som har eksistert sidan midten av 1800-talet og fram til i dag. Det stiller i klasse med kjende utanlandske verk som *Oxford English Dictionary*, *Deutsches Wörterbuch*, *Svenska Akademiens Ordbok*, *Ordbog over det Danske Sprog* og *Woordenboek der Nederlandsche Taal*. Som NO er alle desse *diakrone ordbøker*, d.v.s. at dei gjev eit heilportrett av ordtilfanget i språket over ein historisk periode (ikkje berre i samtida). Sjangeren har elles mange andre namn, som alle dekkjer litt av eigenskapane til ordbøkene. Såleis finn ein i bruk om alle desse både *nasjonalordbok*, *historisk ordbok* og jamvel *diakron samtidsordbok*. Lars S. Vikør har innført termen «fleirgenerasjonsordbøker» internasjonalt, både fordi tilfanget er henta over fleire generasjonar, men mest fordi utarbeidinga føregår over så lang tid (Vikør 1999).

Ein siste term som her skal nemnast er *kulturell ordbok*, bygd på «kulturell leksikografi», som Hartmann¹ har innført for arbeidet med nasjonale, historiske og dialekt-ordbøker. Det høver særleg godt for NO, som er den einaste av dei ovanfor nemnde som i tillegg til å vera ei ordbok for skriftspråket, også er ei dialektordbok. Denne integreringa av tilfang frå målføre og skrift er det mest særmerkte og framståande med Norsk Ordbok i ein internasjonal samanheng.

«Norsk Ordbok kan klassifiseres som en *receptionsordbok*, dvs. en ordbok, man kan slå op i, når man vil forstå en (hørt eller læst) tekst. Men den er ikke kun en *receptionsordbok*. Den er først og fremmest en *leksikografisk sprogbeskrivelse*. Og som *sprogbeskrivelse* indeholder NO en *rigdom af oplysninger om norske sprog – dets ordforråd og ord dannelse, ordenes udtale, bøjning, geografiske udbredelse, etymologi, brugsområde, betydning, stilleje og fraseologi*. Hvad indeholdet angår, er NO fuldt på højde med andre store nationale ordbøger som *Ordbog over det Danske Sprog (ODS)* og *Ordbok över Svenska Språket (SAOB)*» (K. Pedersen 1998)

Det tek lang tid å utvikla desse ordbøkene. Fram til ei første fullstendig utgåve brukte WNT 146 år, DWB 123 år, OED 70 år, ODS 47 år og SAOB ligg an til 133 år med 2017 som vedteke sluttår. NO har halde på i 70 år. Unormalt i ein internasjonal samanheng ville det vore om ein ikkje i denne situasjonen vedtok ein påskundingsprosess.

Formatet til Norsk Ordbok

Materialmengda NO blir redigert på grunnlag av kunne ha gjeve stoff til kanskje 30 band. Skilnaden mellom NO og mindre «handordbøker» som *Nynorskordboka*, er at ein i NO får eit nâme nært fullstendig bilete ikkje berre av kva ordet tyder, men også av sambanda mellom dei ulike tydingane, og utviklinga i tyding og bruk av ordet (jf. Vikør i R1997, som har ordet *bunad* som eit godt døme). Også mengda av ord som er dekt er mykje større. For ordens skuld skal her skytast inn at «nâme nært fullstendig bilete» ikkje tyder at NO-materialet er fullstendig. Det er eit utsnitt, og må brukast som det. Ordboka kan ikkje gje meir enn eit representativt bilete av språket, og utfordringa for redaksjonen er å skarpstilla utsnittet best mogleg. Sjølv om ein i «metaordboka» publiserer heile materialet, har ein ikkje dekt heile språket. Redigeringa er derfor ei syntetisering, noko som inneber at det å halda seg til 12-bandsramma ikkje inneber at verket blir mindre dekkjande enn slik dei meir omfangsrike band 3 og 4 er utforma.

Denne tilnæringsmåten gjev tidlegare hovudredaktør Alf Hellevik klårt uttrykk for: «[D]et er likevel tallause små og store hol i tilfanget, og om eit ord eller ei tyding ikkje finst i arkivet vårt, kan ein sjølv sagt ikkje slutte frå det til at det heller ikkje er brukt i skriftmålet (eller i talemålet). Det er såleis ikkje berre «tilfeldig om eit gjengs ord finst i skriftspråket», det kan òg vere tilfeldig om eit ord som røyntleg er brukt, også er komme med i arkivet og til slutt og rest i ordboka.» ... «I det heile siglar ein ordboksredaktør på mange måtar

¹ Reinhard Hartmann, sjå Vikør 1999 s 395

mellom *Skylla* og *Karybdis* i si redigering og definering. Definisjonen skal vere så uttømmende og så presis som råd er, samstundes bør ein stadig ha for auga at tilfanget ikkje er fullstendig og at ein derfor må akte seg for å lage definisjonar som er så skreddarsydde etter tilfanget at dei risikerer å bli sprengde av kvar ny kjelde og kvart nytt belegg.» (Hellevik 1964).

NO-redaksjonen har utarbeidd Nynorskordboka også. Det er ei glimrande «handordbok», utvikla frå det same materialet som NO, men i eit heilt anna format. Ho fyller på den eine sida plassen som «folkeordbok» som NO aldri vil fylla, og på den andre sida gjorde ho det lettare å venta på NO. No, 14 år etter utgjevinga, er ikkje boka grunn til ikkje å vera utålmodig lenger.

Er Norsk Ordbok forskning eller utgjeving?

Er utarbeidinga av NO grunnforskning eller bruksretta forskning eller dokumentasjon? Mange omgrep blir brukte om og mot einannan, og her følgjer ein freistnad på å visa at NO nok har element av alle, at dei kan og bør fungera ved sida av kvarandre, og at det i alle fall også handlar om utgjeving.

Redaksjonen kallar arbeidet sitt ofte for dokumentasjonsleksikografi, ei meir nøytral nemning som dekkjer alt dette godt. Utvalet for forskingsspørsmål ved HF gjorde ei «Vurdering av ordbok- og arkivarbeid i forhold til vitenskapelige kvalifikasjonar» pr 20.2.1989. Den kan framleis leggjast til grunn. Utvalet gjorde vurderinga for å setja kriteria for kva for arbeid av desse typane som kunne reknast som meritterande vitenskapleg innsats, og korleis det skulle vektleggjast. Det som er sagt om karakteren av grunnforskning m.v. gjeld generelt. Med utgangspunkt i gjeldande litteratur definerte utvalet:

- grunnforskning – «*virksomhet av original karakter for å erverve ny viten og innsikt uten primært å ta sikte på praktiske mål eller anvendelser*»
- bruksretta (anvendt) forskning – «*virksomhet av original karakter for å erverve ny viten og innsikt først og fremst med sikte på praktiske mål eller anvendelser*»
- utviklingsarbeid – «*anvendelse av viten for å fremstille nye materialer, produkter, prosesser, metoder, systemer eller tjenester, eller for å forbedre det som eksisterer*»

Grensene er flytande. Arbeidsoppgåvene utvalet har uttalt seg om kan i ulike situasjonar falla inn under alle tre kategoriane av FoU-arbeid, heiter det. I ordboksredigering representerer ordartiklane «ofte ny kunnskap om norsk språk, som gir bøkene egenverdi ved siden av at de kan nyttas til praktiske formål. Publisert ordboksarbeid er derfor vitenskapelig arbeid på linje med annen filologi, og har samme meritterende kraft.» Vidare heiter det: «[E]n del ordartikler i en ordbok, bearbeidingen av enkelte kildetekster, tolkning av stedsnavn eller katalogisering og datering av en forhistorisk gjenstand [vil] kunne karakteriseres som grunnforskning.» ... «Andre oppgaver vil være av mer rutinemessig karakter som riktignok krever vitenskapelig kompetanse, men som ikke nødvendigvis gir ny viten eller innsikt.» ... «Hele ordbøker, kataloger eller stedsnavnsregistre kan karakteriseres som resultat av anvendt forskning; dels representerer de ny kunnskap om språk, historie eller navn, og dels kan de benyttes til praktiske formål.»

Konklusjonen etter dette er at det ikkje er naudsynt å løysa spørsmålet om ein skal kalla arbeidet i NO-redaksjonen for det eine eller det andre. Redaksjonen arbeider ut ei vitenskapleg ordbok gjennom forskingsprega arbeid, og skal levera eit ordboksverk som skal vera til bruk og nytte for både forskarar og andre brukarar, og ha nasjonale kulturpolitiske funksjonar. Den viktigaste skilnaden frå universitetsforskninga elles, er at redaksjonen skal levera eit produkt, som «eigarane», som m.a. finansierer utarbeidinga, kan stilla krav til.


Redaksjonen har ikkje vore redd for å visa fram arbeidet sitt i fagmiljøet. Ein kan visa til konferansen «Norsk Ordbok – nynorsken leksikografiske kanon?» i 1996, der fleire ekspertar utanfrå var inviterte til å evaluera ulike aspekt ved ordboka. Kritikken, som var både krass, god og konstruktiv, vart prenta (R 1997) og redaksjonen tok han til seg. Denne førde fram mot statsbudsjettsoknaden for 2001 der ein legg 2014-målet til grunn.

Organisering, styring og økonomi

Organisering

Fram til 1.7.1972 var redaksjonen underlagt styret i Det Norske Samlaget. Etter at Norsk Leksikografisk Institutt vart oppretta, har instituttstyret her, og seinare ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap (INL), vore styre for redaksjonen. Dette har ikkje gjeve ei tilfredsstillande målsetjing og oppfølging av arbeidet i høve til mål. Utover instituttstyret blir Norsk Ordbok følgd med av *Nemnda for Norsk Ordbok*, som er ei rådgjevande fagnemnd som møtest ein gong årleg og som er samansett av 3 medlemmer oppnemnde av Samlaget, og 2 medlemmer oppnemnde av INL. Redaksjonen har vore lite prega av tydeleg leiing, og sterkare av flat struktur og stor individuell fridom i arbeidet. Også i høve til andre einingar på Universitetet har linene vore mindre klåre enn ønskjeleg, når t.d. datatenester frå Dokumentasjonsprosjektet ofte ikkje blir levert til fristen. Framover bør NO oppretta heilt andre og klårare avtaletilhøve til alle leverandørar, ikkje minst internt på UiO.

Slik ser organisasjonskartet for Norsk Ordbok ut i dag:



Stillingar

I dag disponerer Norsk Ordbok 10,3 stillingar direkte. I tillegg arbeider etterorganisasjonen til Dokumentasjonsprosjektet med oppgåver for NO, som skriving av redigeringsprogram m.m. Dette driv med utviklingsarbeid som ikkje er direkte støtteoppgåver for redigeringsarbeidet slik det går føre seg i dag, og treng derfor ikkje reknast med her. Men NO bør absolutt disponera desse IT-medarbeidarane og fleire til framover. I produksjonen pr no er det 2 administrative årsverk, 1 vit. ass. og 7,3 redaktørstillingar. Denne tabellen syner status:

Arbeidskategori	Årsverk finansierte frå UiO-budsjettet	Årsverk finansierte av KD-løyving	Årsverk i alt
Redaktørar	5,3*	2 + 1**	8,3
Administrative funksjonar	0,5 + 0,5	1	2
Sum	6,3	4	10,3

* 6 stillingsheimlar

** Den eine er vit.ass.

Budsjett

I pengar er 6 mill kr budsjettert for drift av NO-redaksjonen i 2000, av dette finansierer UiO 4,4 mill kr (3,15 mill kr i personalkostnad + 40% overhead) og Kulturdepartementet 1,6 mill kr. Utanom dette gjev NFR tilskot til prenting og Samlaget har ansvar for og betaler utgjeving, tingarkontakt og marknadsføring.

Arbeidsprosessar

Tidsbruken i redigeringa ymsar mykje etter kva type ord det er tale om, og sjølvstapt noko mellom dei ulike medarbeidarane. Med desse atterhalda har redaktør Laurits Killingbergtrø stipulert relativ tidsbruk for dei ulike fasane som gjennomsnitt. Dette gjev: 1) kjeldarbeid, sortering, notatar 30%, 2) artikkelskriving 40%, 3) gjennomgang, kontroll og retting 20%, 4) manuskontroll av kollega 5%, 5) formatering, korrekturlesing 5%. Når andre enn redaktørane sjølv kan gjera operasjonane 1 og 5, og betre datastøtte og redigeringsreglar forenkler dei andre prosessane, er det mogleg å tenkja seg meir effektiv redigering. Sjå skjematisk oversyn i vedlegg 3.

Tidlegare redaktørar, som Alf Hellevik, Gunnar Pedersen og Reidar Bø, har alle gjeve uttrykk for at mykje kunne gjerast betre i Norsk Ordbok. Bø skriv om at omfanget av artiklane er så stort, det «tyder på at vi held på å skli ut» (Bø 1988). Pedersen rekna i 1984 med at «kanskje bortimot 300 årsverk» (G. Pedersen 1984) med redigering trongst for fullføring, og peika på at Norsk Ordbok burde få tilsett assistentar til ei rad enklare arbeidsoppgåver, slik dei har det i SAOB. Berre frå 1984 til 2000 er det brukt godt over 100 årsverk. Denne rapporten konkluderer med eit behov for godt 300 nye årsverk fram til og med 2014.

Eksternprosjektet frå 1987

Etter vedtak i Stortinget i 1986 fekk Norsk Ordbok frå 1987 tilført ekstra midlar over statsbudsjettet for å skunda på utgjevinga. Vedtektene for Nemnda vart då brigda, slik at Nemnda skulle ha eit særleg ansvar for "Eksternprosjektet", m.a. ved å godkjenna rekneskap og budsjett. Men ein veikskap med løyving og oppfølging har vore at det ikkje har vore knytt konkrete mål til prosjektet. Løyvinga har fram til 2000 dekt 2-3 stillingar, og dekkjer no 4 stillingar. I perioden prosjektet har eksistert, har omfanget til NO svulma opp, og framdrifta har ikkje auka. Men det har opplagt styrkt (ny)norsk leksikografi generelt.

Dei seinare åra har grundige diskusjonar gått i redaksjonen og Nemnda om kva som bør gjerast for å påskunda redigeringa, og for å gjennomføra vedtak som for lengst er gjorde. Det er t.d. redaksjonen som har vedteke at verket skal bli på 12 band (redaksjonsmøte 18.9.1997, stadfesta av Nemnda), men trass i noko innstramming har ein ikkje gjort alt det som trengst av endringar i redigeringsmåten og -omfanget. Diskusjonen som har gått i fleire år er likevel eit godt utgangspunkt for å gjera endringar no når framlegg har kome utanfrå i St meld nr 22 (1999-2000). Det skulle borga for at ein i redaksjonen er budd på endringar, og talrike notat om moglege vegar er også utarbeidde.

Premiss for omstilling

Studiar av andre ordboksverk i emning syner at mykje peikar i same lei som planane for NO 2014. WNT og SAOB er prega av strammare planlegging og styring enn det som var typisk på 1900-talet, og dei held kurs mot eit bestemt sluttidspunkt. NO trer gjennom 2014-satsinga i så måte inn i ein etablert internasjonal «skule» for ordbokslaging i vår tid. NO har i tillegg ein stor datateknologisk føremon gjennom det enorme digitaliseringsarbeidet som er gjort med arkiva. Mykje ligg difor til rette for at NO kan liggja i front internasjonalt om nokre år. Det er ikkje viktig å granska kven som har ansvaret for framdrifta til Norsk Ordbok til no, men at dei ulike samarbeidspartane no går saman, ser at endringar krevst, og tek ansvar for å gjennomføra dei.

Vedtaket om ein påskundingsprosess ligg no føre, og då er tida inne for å vurdere om att ei rekkje vedtekne sanningar, som har vore med verket frå første utgjeving (i 1950). Slike føringar fungerer som ei bindande ramme, og kan vera ei tvangstrøye. «Vår tid, med sin teknologiske revolusjon og sine radikale endringar i dei samfunnsmessige vilkåra for ordboksarbeidet, stiller desse ordboksverka overfor heilt nye utfordringar» (Vikør 1999).

Den «teknologiske revolusjonen» det her er tale om er informasjonsteknologiens nye moglegheiter også for leksikografifaget, og for brukarane av ordbøker og ordbokstfang. IT-reiskapar kan no gå inn som hjelpemiddel i alle fasar av arbeidet. Ekserpering er erstatta av korpussamling og bearbeiding. Papirarkiv er erstatta av databasearkiv. Sjølv kjernen i

leksikografen sitt arbeid, lagginga av artikkelen ut frå framskaffa materiale, er eit intellektuelt arbeid som ikkje kan løysast maskinelt, men det kan gjerast lettare, ved hjelp til sortering m.v. Innskriving er gjort lettare med eigne applikasjonar som utfører konsistenssjekk og matar data rett inn i ein database. Derfrå kan produksjonen av ferdig ordbok skje automatisk i kva format som helst. NO arbeider ikkje under slike vilkår i dag, men det ligg eit godt grunnlag i det arbeidet Dokumentasjonsprosjektet har gjort med digitalisering av arkiva.

Brukarane av ordbøker kan stilla mykje høgare krav enn før. Dei kan skaffa alternativ informasjon i mykje større grad enn før, og har derfor dårlegare tid til å venta. Dei vil bruka ordboka på ein heilt annan måte, ved å sortera og plukka ut opplysningar på tvers av den inndelinga redaktøren har valt for den gamaldagse brukaren; artiklar sorterte i alfabetisk rekkjefølgd, med alle opplysningar knytte til einskildord.

«Radikale endringar i samfunnsmessige vilkår for ordboksarbeidet» er ei tilvising til at toleransen for ein slik tidsbruk som den til dei nemnde store ordboksprosjekta, ikkje lenger er like stor. Dette heng saman med den teknologiske utviklinga. I vår tid kan like store arbeid utførast, men på heilt annleis teknologiske premiss frå grunnen av, slik at dei ikkje tek den tida. Eit døme frå norsk universitetsmiljø er Dokumentasjonsprosjektet, som m.a. har digitalisert arkiva til NO. Ein planla og sette der inn 750 årsverk over ein periode på om lag 10 år, og fekk digitalisert enorme mengder data samla gjennom fleire hundre år. Som døme frå ordboksfeltet tener revisjonen av OED (3. utgåva) som vart sett i gang i 1993. Prosjektet er enormt, alle artiklane skal reviderast med nye og nyfunne kjelder, og mange nye skal skrivast. Oxford University Press løyser dette ved å 42 redaktørar og 50 andre medarbeidarar på heiltid i tillegg til ei rekkje spesialistar med mindre oppdrag, fram til 2010. Dei nyttar det nyaste og beste som er av teknologiske løysingar. Prislappen er 34 millionar £. (Kjelde: www.oed.com). Samfunnskravet om resultat heng saman med krav frå den einskilde medarbeidaren, som også stiller andre krav til planlegging og tidshorisont i dag.

Endringsframlegga følgjer i dei neste bolkane.

Norsk Ordbok, brukarane og samfunnet

Eit nasjonalt ordboksverk er eit grunnleggjande og stort forskingsarbeid, som aldri vil vera fullgyldig ferdig, fordi objektet er eit språk som er i konstant utvikling. Men like fullt må forskingsresultatet presenterast slik at det tener funksjonane sine, og slik at det er tenleg for brukarane i målgruppene. Sture Hast frå SAOB skriv at den danske ordboka (ODS) tydelegvis blir brukt, sidan ho har kome i fem opplag. «Och det är väl just det som är det viktigaste!» (Hast i R 1997).

Kven eig Norsk Ordbok?

Ein diskusjon om kven Norsk Ordbok er til for, bør byrja med kven som «eig» prosjektet, kven som eigentleg gjev ut boka. Finansieringa skjer over offentlege budsjett. Opptaket vart gjort av Det Norske Samlaget i 1929, utarbeidinga føregår i dag ved Universitetet i Oslo og brukarane er i stor grad private og offentlege medvitne språkbrukarar. Styringa av prosjektet ligg i dag hjå Universitetet, der det i stor grad har vorte ein ordinær del av ei forskning som forhold seg lite til omverda, inkludert dei som finansierer og tingar NO. Øvste ansvarlege no, instituttstyrar Hans H. Skei, seier at ordbokutgjevinga er eit stort og viktig prosjekt, men at ein no må finne andre og nye spor. UiO har aldri gjort vedtak om kva universitetet vil med NO utover avtaleformuleringa² om «ei så rask utarbeiding og utgjeving som mogleg». Heile det norske samfunnet og heile den nynorske skriftkulturen eig NO, og det må attspeglast i styringsstrukturen for NO 2014, der Kulturdepartementet, Norsk språkråd og Samlaget er representantar for «eigarane», i tillegg til Universitetet, jf bolken *Ny organisatorisk tilknytning for Norsk Ordbok*. Desse har på vegner av «eigarane» rett til å stilla krav til utgjevinga av NO, og NO har plikter overfor desse, som eigarar og finansieringskjelder, i tillegg til tingarane. Det er ein føresetnad for at prosjektet skal lukkast at ansvarsavklaringa mellom dei ulike partane blir tydelegare enn i dag. Dagens hopehav er prega av ein slitasje t.d. mellom redaksjon og forlag som ein no kan få bort.

Kven er Norsk Ordbok for?

Norsk Ordbok fyller mange funksjonar. Verket kan fylla dei betre enn i dag, og det kan fylla endå fleire funksjonar, med ei stø framdrift og eit fast sluttår. Føremålet ordboka vart sett i gang for å fylla går fram av Sigmund Skard sitt skrift «Norsk Ordbok. Historie – plan – arbeidsskipnad» (Skard 1932). Han skriv at NO «skal arbeida saman til eitt alt som fyrr er bokført av norske ord, og tyda deim paa norsk». Tiltaket er reist «i trygg tillit til det bygdenorske og landsnorske», og boka vil i «djupaste mening ...verta ei folke-bok, og sjølv det sterkaste vitnemaal um aandsmakta i den folkerørsla som ber henne fram». Her skal me sjå på tilhøvet til dei språkinteresserte brukarane, til *ålmenta* som etterspør eit kulturpolitisk dokument og ein språkpolitisk merkestein og reiskap, og til *forskarsamfunnet*. Alle desse er Norsk Ordboks «kunder».

Først kan det løna seg å samanlikna med andre land. Ordbøker av NO sitt merke kjem ut i alle europeiske og andre språksamfunn med midlar og respekt for seg sjølv. Dei er og har vore langsiktige og kostnadskreivjande prosjekt, stort sett utan kommersiell suksess eller siktemål. Det gjeld altså ein «internasjonal standard» som går att i England, Tyskland, Frankrike, Nederland, Sverige, Danmark, Noreg o.s.v. som seier at eit slikt verk skal eit språksamfunn ha, og det skal vera ei ordbok som samlar all kunnskap om eige språk, som tek nasjonen på pulsen. Prosjektet kan såleis med rette kallast ei typisk europeisk satsing.

Brukarane

Det er viktig å finna fram til kven som faktisk og fysisk brukar og skal bruka ordboka hyppig. Ordboka skal ha funksjonar for mange fleire enn desse, jf. ovanfor, men utforminga av boka bør til ein viss grad innrettast mot dei. Ein av redaktørane for *Ordbok över Sveriges Dialekter* (OSD)

² Avtale mellom Det Norske Samlaget og Universitetet i Oslo om Norsk Ordbok med samlingar, frå 1981, men som fastslår avtale mellom partane frå 1972 ved å visa til gamal brevveksling. Avtalen finst i Kvitboka s. 115.

seier: «Även om man som ordboksförfattare inte kan svara på frågan *Vem läser min dialektordbok?* är det viktigt att man ställer den. Och man måste ha klart för sig vem man skriver för, vilken målgrupp man riktar sig till. Man måste hela tiden ha läsaren i åtanke» (Eaker1999). For OSD sin del svarar Eaker at forskarsamfunnet, den interesserte ålmenta, og vonleg framtida, d.v.s. born og barneborn.

Norsk Ordbok stiler ikkje mot å bli kvarmanns daglege oppslagsverk. Det føremålet fyller den sterkt utbreidde *Nynorskordboka* (1. utg. 1986), utarbeidd av same redaksjonen. For Norsk Ordbok sin del opererer Lars S. Vikør med desse moglege brukargruppene i vid tyding:

- lekfolk med interesse for språk og dialektar
 - profesjonelle skriftspråkbrukarar
 - lokalhistorikarar
 - lærarar i skulen
 - profesjonelle språkforskarar
 - akademikarar generelt
 - målfolk
 - det norske samfunnet generelt
 - ettertida
 - internasjonal forskning
- (Vikør 1999 s 401)

Dei tre-fire siste kjem me tilbake til nedanfor. Dette er eit godt utgangspunkt for kunnskap om kven NO skal lagast for. Ein gjennomgang av listene over dagens tingarar syner at dette er dekkjande, men det er råd og ein fordel å utvikla meir noggrann kunnskap om kven dei er, gjennom brukarundersøkingar t.d., for å få grunnlag for å nå ut til fleire, og for å få betre greie på om utforminga av NO stimulerer bruken. Likevel må ein gå ut frå at brukarar av eit verk som NO i stor grad godtek ordboka sin eigne premisser.

Eit blick gjennom tingarlista (pr 1999) over dei ca 425 eksemplara til dei ca 340 tingarane syner at fordelinga er slik i desse kategoriane: Privatpersonar 220 eks, institusjonar utanom skular 74 eks, skular 18 eks og kommersielle tiltak (mest bokhandlar) 112 eks. Av privatpersonane er det sær mange profesjonelle språkbrukarar.

Like viktig som listene over dagens tingarar av eit uferdig verk er dei som er aktuelle kundar og brukarar etter utgjeving. Dei vil etter alt å døma vera mange gonger fleire med ein god marknadsinnsats. Det er lett å tenkja seg kvifor, og det syner t.d. røynsler frå WNT der ein snøgt selde over 2000 eksemplar av verket etter fullføring, på toppen av tingartalet på ca. 800.

«Ettertida» som målgruppe er problematisk, fordi me ikkje veit kva for behov folk vil ha då. Dagens informasjonsteknologi har likevel gjort det svært mykje enklare å vera budd på alle krav frå ettertida. Ved å ferdigstilla alle manus mediauavhengig, vil dei lett kunna publiserast annleis, teknisk manipulerast utan å endra innhaldet, og sjølv sagt nyredigerast på grunnlag av det eksisterande på ein mykje enklare måte enn før.

Ålmenta

Det er djervt og framoverskodande av kulturasjonen Noreg å samanstillast og dokumentera språket slik ein gjer med NO. Finansieringa er statleg, og det er ein type sentral kulturpolitisk oppgåve som fellesskapsmidlane bør dekkja. Professor Magnus Rindal skreiv i ein kronikk om NO i Aftenposten 15.12.1996 at «[s]pråket er ei av dei viktigaste ytringsformene for eit folkes kultur. Det er difor ei sentral kulturell oppgåve å syte for lett tilgjengeleg dokumentasjon av norsk språk i eldre og nyare tid. I dette perspektivet er det eit prioritert kulturtiltak å fullføre Norsk Ordbok så snart som mogleg».

Ein del av det offentlege kulturpolitiske ansvaret er å gjennomføra ein god språkpolitikk. NO har ein slik funksjon også. Noreg har eitt større ordboksverk frå før, *Norsk riksmålsordbok* i seks band, som er ei litterær ordbok som dekkjer litteraturen på riksmål. NO er ei litterær ordbok over skriven nynorsk, og ei slik finst ikkje frå før. I tillegg er NO ei dialektordbok, som dekkjer målføre over heile landet, også heile Austlandet. Dette gjev eit tilskot til dialektkunnskap og tilfang til bruk i skriftspråket for alle over heile landet, same om ein skriv nynorsk eller bokmål. Heile skriftkulturen, men aller mest den nynorske, treng det autoritative verket over sagt og skrive språk som NO er. Ein danske uttrykkjer den språkpolitiske funksjonen til NO betre enn nokon:

«Ved at kombinere «det norske folkemålet» og «det nynorske skriftmålet» i én ordbog har man vist respekt for begge mål. Det nynorske skriftmål får bekræftet sin stilling som et sprog, der på én gang har nationale og folkelige rødder og samtidig er et moderne kultursprog. Dialekterne får bestyrket deres stilling som likeværdige sprog – omend de bliver ikklædt en normaliseret skriftform. Og nordmænderne får med Norsk Ordbok en ordbog, som de kan være glade for. En righoldig og velredigeret ordbog.» (K. Pedersen 1998).

Forskarane

Mange av dei flittigaste og viktigaste brukarane av NO er og vil vera forskarar. NO presenterer kunnskap som forskarar vil bruka lang tid på å finna fram via arkiva. Det er viktig å gjera arkiva tilgjengeleg for fleire, men mykje av det ein ville gått til arkiva for å finna, vil allereie vera ferdig presentert i NO. Sjå elles om publisering av «metaordboka», s. 31.

Ekstern kommunikasjon med brukarar og andre

Også for eit nasjonalt vitskapleg ordboksverk av Norsk Ordboks kaliber er det naudsynt å lytta til brukarane. Verket er mykje meir verdt dersom det også er tenleg for dei som skal bruka det. For å få svar på om det er det, må NO ha kontakt med brukarane. Ved å ha eit meir aktivt tilhøve til omverda, vil NO også ha moglegheit til å auka talet på brukarar, noko som er viktig for å styrkja legitimiteten til verket, i tillegg til at det skaffar noko større inntekter.

Årsskriftet «Ord om ord» går allereie i dag til alle tingarar. Å føra ytterlegare dialog med brukarane er inspirerande for arbeidet med produktet. Det vil gje bidrag til ei betre ordbok. Ingen av tiltaka nedanfor bør vera særleg arbeidskrevjande, det er for det meste snakk om å resirkulera informasjon ein likevel har laga. Men ein kan vurdera om forlaget eller INL, og ikkje berre redaksjonen, bør utføra noko av dette. **Forprosjektet tilrår** som moglege nye tiltak:

- «Dagens ord» har NO-redaksjonen alt i oppgåve å redigera 2 gonger i veka på nettsidene til Nynorsk kultursentrum. Ei liknande løysing bør leggjast opp på NO si eiga nettside, heilt utan ekstra arbeid, også med gratis «tinging» til e-postadresse, med peikar til NO-sida.
- Ny dynamisk nettside for NO, der status i arbeidet går fram, der ein kan gå vidare til «metaordboka» når den er klar, der ein kan melda tilbake reaksjonar og eventuelt registrera nytt materiale, der ein finn presseklipp og andre nyhende. Domenet www.NO.no er ledig!
- Nyhendebrev, i posten og knytt til heimesida, modell: www.oed.com/public/news/ (halvårleg) eller polyglot.lss.wisc.edu/dare/dare.html. Når 2014-planen skal gjennomførast vil NO får mykje meir å fortelja omverda om.
- Brukarseminar som direkte dialog med brukarar, slik SAOB planlegg.

Brukarundersøking

Redaksjonen prøver p.t. ut opplegg for brukarundersøking om NO. Ein prøve har vore sendt ut til medlemene i Nemnda for Norsk Ordbok, og nokre svar har kome inn. Desse gjev nokre indikasjonar, både om korleis ordboka blir oppfatta, og om endra spørsmålsstillingar før ein går ut til breiare lag av brukarar.

Forprosjektet tilrår sett i gang ei grundig brukarundersøking for Norsk Ordbok.

Marknadsføring

Forlaget har ansvar for å marknadsføra ordboksverket, jf avtalen i Kvitboka s. 115, der det heiter at «Samlaget har utgjevingsretten (forlagsretten)». På grunnlag av ei brukargransking kan forlaget søkja opp nye potensielle brukarar (slike som tilhøyrer typiske brukargrupper, men som ikkje er det). Marknaden for Norsk Ordbok er nok noko større enn dei 425 tingingane ein sel i dag. WNT vart selt i mange fleire eks då verket var ferdig. Med eit fiksert sluttår ikkje for langt fram i tid, aukar salspotensialet for NO. Prisen er rimeleg. NO kostar no 158 kr pr hefte, som er lik 790 kr pr band, som er lik 9480 kr + innbinding for heile verket.

Forprosjektet tilrår at forlaget rustar opp marknadsføringa når 2014-satsinga er i gang.

Ny organisatorisk tilknytning for Norsk Ordbok

Redaksjonsarbeidet i Norsk Ordbok i dag held høg kvalitet, men mekanismene for å følgja opp planlegging og framdrift er ikkje gode nok. Realistiske og ambisiøse planar og faste fristar vil vonleg auka framdrifta i arbeidet. Sterkare styringsmiddel og rapportering må til for å oppnå det. Det er knapt mogleg med dagens organisering.

Tilknytning til Universitetet

Eit overordna spørsmål for å omstilla arbeidet med Norsk Ordbok slik det må for å arbeida fram mot slutføringsmålet i 2014, er korleis organisasjonen rundt redaksjonen ser ut, og korleis samhandlinga er med dei interesserte samarbeidspartane. Universitetet i Oslo har ansvaret for å driva NO framover sidan 1972, og er sterkt interessert i å halda fram engasjementet.

Underavdeling for nynorsk på INL står i ei særstilling mellom samlingsavdelingane ved at den har ansvar for å redigera Norsk Ordbok i tillegg til å vedlikehalda og byggja ut dei leksikografiske samlingane. Dei andre underavdelingane, Bokmål, Gamalnorsk og Målføre har ikkje tilsvarende prosjekt, og NO-redaksjonen bør skiljast ut frå desse til ein eigen *prosjektorganisasjon*. Dei vil etter at eit framlegg om eit senter for alle samlingane er trekt tilbake førebels leva vidare i instituttstrukturen, på line med ei Underavdeling for nynorsk som bør nedbemannast kraftig fram til NO er fullført. NO-redaksjonen har fagleg slektskap og hopehav med dei leksikografiske avdelingane på INL, og dette talar for å behalda ein nærleik til miljøet. NO bør også behalda kontakten med det internasjonale leksikografiske miljøet, som er styrka kraftig dei seinare åra, m.a. gjennom nordiske toårlege konferansar.

I prosjektfasen for fullføring av Norsk Ordbok bør redaksjonen ikkje arbeida vidare med utbygging og vedlikehald av samlingane. Det arbeidet bør utførast av ei «rest-Underavdeling for nynorsk», med låg personalinnsats, inntil ordboka er ferdig. Alle tilsette i redaksjonen, også dei i «universitetsstillingar», bør ein føresetja går over i prosjektorganisasjonen. Ein kan likevel diskutera å behalda ei opning for at ein liten del av dagens NO-stab blir verande att i ei mindre nynorsk-underavdeling, jf. bolken Budsjett for Norsk Ordbok 2014, som føreset 1 årsverk pr år i snitt fram til 2014. Desse må ein i så fall føresetja gjer arbeid for redaksjonen som opplæring og kollegalesing, i tillegg til vedlikehaldsarbeid på samlingane. Arbeidet i redaksjonen må konsentrerast om å arbeida direkte med ordboka.

Den interne styringa i redaksjonen er omtala under neste hovudbolck. Ei solid styring i redaksjonen må vera underlagd rapportering til ein styringsinstans utanfor redaksjonen, eit styre. Styret skal fastsetja mål på lang og mellomlang sikt, og samarbeida nært med den daglege leiinga om kortsiktige mål. Større avgjerder om organisering, teknologival, strategi og mykje anna bør styret ta. Den daglege leiinga skal rapportera til styret om måloppfylting, eventuelle avvik og tiltak for å hindra avvik. Det må stillast høge krav til styremedlemene. Dei må oppnemnast av interesserte partar, dei må sjølv ha interesse for ordbokslaging og NO, kunna bruka tid på styrearbeidet og ha kunnskapar som er nyttige for NO.

Forprosjektet rår til at Norsk Ordbok framleis har tilknytning til UiO og HF-fakultetet. Gjennom kontakten med eit større leksikografisk fagmiljø får redaksjonsarbeidet ein fagleg vinst, og kontakten er avgjerande viktig for rekruttering av nyutdanna kandidatar. Samstundes er det naudsynt å gje større høve for deltaking til dei interesserte samarbeidspartane til Norsk Ordbok utanfor UiO. Dagens modell der Norsk Ordbok er ein del av ei ordinær instituttavdeling bør på dette grunnlaget forlatast, og NO-redaksjonen bør opprettast som ein eigen tidsavgrensa prosjektorganisasjon fram til 2014. Det er ein føresetnad at nynorsk leksikografi held fram som fagmiljø i den ordinære strukturen ved UiO etter dette.

Ulike organisasjonsmodellar

Organiseringa av NO-redaksjonen som ei eining som skal produsera 8-band Norsk Ordbok må ein sjå lausrive frå den generelle diskusjonen om styring av forskings- og undervisningsverksemda

på universiteta. Det er ein annan debatt, fordi dette gjeld styring av eit produksjonsretta forskingsprosjekt med eit heilt konkret mål i resultat og tid. For redaksjonen som eit tiltak som framleis skal ha tilknytning til UiO er det mange alternative modellar som bør vurderast. Redaksjonen vil etter planane i denne rapporten koma til å omfatta meir enn 20 menneske til kvar tid, og bør derfor kunna organiserast for seg utan fare for «overadministrasjon» p.g.a. liten storleik.

Den mest ytterleggående modellen ein kan tenkja seg, er ei fullstendig økonomisk ansvarleg eining, t.d. i form av eit aksjeselskap eller ei stifting. UiO og andre kunne då vera med som aksjonærar/stiftarar. Det finst mange døme på slik organisering av universitetstilknytte samarbeidstiltak i den såkalla «randsona» til UiO. Døme er CICERO – Senter for klimaforskning, SINTEF Oslo og Forskningsparken AS. Utanom fakultets- og instituttstrukturen opererer UiO med prosjekt, senter på kollegie-, fakultets- og instituttnivå, program, stiftingar og AS.

I styra for slike einingar er dei tilsette representert, og styret er elles normalt sett saman av representantar frå andre stader ved UiO og eksterne krefter. Medlemene frå eininga sjølv skal ikkje ha fleirtal i styret. Det er ofte vanleg at styreleiar er ekstern. Det kan setjast som eit krav i vedtektene.

Forprosjektet blir då ståande med at redaksjonen bør skiljast ut som ei eiga eining som driv berre med ordboksarbeid. Denne eininga må ha eit styre, der Kulturdepartementet (evt. Norsk språkråd), Det Norske Samlaget, UiO (m.a. INL), eventuelle andre deltakande universitet/høgskular og dei tilsette får oppnemna medlemmer.

Val av modell

Det viktige er ikkje kva for namn og struktur eininga får, men kva ein legg i henne, kor gode arbeidsvilkår den gjev for Norsk Ordbok. Sentermodellen er éi oppskrift for organiseringa, anten på fakultets- eller instituttnivå, og leiaren for fakultet/institutt må sitja i styret. Redaksjonen har nyleg vore gjennom ein diskusjon om senterorganisering saman med dei andre samlingane på INL, Tekstlaboratoriet og etterorganisasjonen til Dokumentasjonsprosjektet. Denne diskusjonen enda i mars 2000 med at framlegget vart trekt etter sterk motstand frå eit fleirtal av dei tilsette. Motstanden dreidde seg m.a. om at prosessen ikkje hadde vore open nok og godt nok førebudd, ved at framlegg hadde kome brått, utan skikkeleg tid til handsaming i alle organ o.l. Vidare var det innvendingar mot at styringsstrukturen vart for lite demokratisk, og at det vart for sterkt høve til å styra kvar einskild samling. Andre samlingar enn Underavdeling for nynorsk (inkl. Norsk Ordbok) hadde meir å ottast ved ei sterkare styring, og spørsmålet treng derfor ikkje å stilla seg likeins når det gjeld ei eiga senterorganisering for NO-redaksjonen, som uansett driv med ei klår oppgåve: **Å fullføra Norsk Ordbok.**

Ei organisering i ein organisasjon med sterkare styring vil innskrenka fridomen til den einskilde tilsette til å driva anna forskning og administrasjon enn ordboksredigering. Dette er uproblematisk ved utlysing av nye stillingar. For dagens tilsette må ein rekna med å avtala overangsordningar som gjev ein slags kompensasjon. Også for dei tilsette vil det vera vinstar i å koma over i ei arbeidsform med klårare mål, framdrift og styring. Tilsettedemokratiet må takast vare på i redaksjonen og i styresamansetjinga, men dei tilsette kan ikkje få så høg representasjon i styreorgan som dei har i instituttstrukturen.

Organisering som senter under INL er eit interessant alternativ, eller ein kan vurdere å oppretta redaksjonen som eit prosjekt, sideordna med samlingsavdelingane, framleis med eige styre som ein føresetnad, der instituttleiinga ved INL deltek. Dokumentasjonsprosjektet er ein god modell for det sist nemnde.

Med ei organisering som eiga eining tilknytt INL (eller HF) vil tilhøvet mellom styret for det reine universitetsorganet og prosjektorganisasjonen avklarast. Det kan gjerast ved at leiaren for universitetsorganet sit i styret for prosjektet, og elles må universitetsorganet gjera vedtak om si økonomiske og på andre måtar satsing på NO. Dei andre som medfinansierer prosjektet vil på si side måtta gjera liknande vedtak hjå seg før dei kjem i NO-styret.

Forprosjektet endar opp med nokre tilrådingar uansett val av konkret modell for den tidsavgrensa prosjektorganisasjonen:

- Styret bør vera slik samansett at medlemene utpeikte av eksterne krefter og representantar frå universiteta utanom INL til saman har fleirtal. Det bør vera vid deltaking utanfrå i arbeidet med Norsk Ordbok.
- Styret bør møtast ofte, og ha eit nært tilhøve til arbeidet i redaksjonen.
- Innanfor styret bør det vera eit arbeidsutval som møtest oftare. I WNT hadde dei eit «dagleg styre» som var samansett av 2 folk frå styret saman med instituttstyraren, og dei hadde møte minst 1 gong kvar månad. Eit godt AU for Norsk Ordbok ville vera 2 frå styret og dagleg leiar, med møte – fysisk eller på telefon/e-post – kvar månad.

Forprosjektet meiner ikkje at éin bestemt modell er den einaste saliggjerande. Det er store føremoner ved å gje eininga tilknytning til INL som ansvarleg eining ved UiO. INL må kanalisera UiO si satsing på redaksjonen. Her må ein velja mellom stifting eller anna tiltak i randsona, instituttsenter eller eit prosjekt sideordna samlingsavdelingane, men framleis med ei heilt fri stilling og eige styre. Uansett val må nye vedtekter fastsetjast for Norsk Ordbok. Mykje talar for at styret kan overta funksjonane til Nemnda i ein ny struktur.

Ny arbeidsordning og styring

NO-redaksjonen har samvitsfullt og grundig utarbeidd ordboka frå hefte til hefte, band til band, på høgt vitskapleg nivå. I tråd med universitetstradisjonen har dette skjedd som ei løpande forskingsoppgåve, utan fast langtidspanlegging som styringsreiskap.

«In the past managers and lexicographical projects believed that the only solution to the slow alphabetical progress of dictionaries was an increase in staff members and working longer and harder. Often, emphasis is only placed on the editorially related functions performed during the production of a dictionary whilst the role of management work is underplayed.»

Sjef for WAT (Sør-Afrika), D.J. van Schalkwyk (S. 1991)

Mål og planlegging

Planlegginga for arbeidet med Norsk Ordbok har til no vore detaljert berre for neste hefte (sjå vedlegg 3), og strekt seg fram til fullføring av neste band. Som for mange andre store ordboksverk har omfanget i band og tidsbruk balla på seg og vorte fleirdobla undervegs. Når sluttår no er fastsett, er det naudsynt å innføra strategisk planlegging på stutt og lang sikt som styringsreiskap.

Norsk Ordbok var i 1929 tenkt som eit to-tre bands verk. Dette skulle stort sett vera sett saman av tidlegare prenta ordbøker, med dei store til Aasen, Ross og Schjøtt som dei viktigaste. Ordartiklane skulle naturlegvis omsetjast til nynorsk og få naudsynt oppdatering. Ein tenkte seg at dette kunne vera ferdig i 1937 (G. Pedersen 1984). Planen heldt ikkje, og etter krigen vart prosjektplanen kraftig utvida fordi det hadde kome inn så mykje nytt materiale. Kring 1970 såg ein for seg at ramma var ni-ti band. Samstundes med at redaksjonen no har gjort og forheld seg til vedtak om tolv band, har redigeringa dei siste åra svara til eit volum på ein del meir.

No må planlegging gjerast etter mange aksar:

- Sluttåret gjev *tida* ein har til rådvelde.
 - Ein må definera det attverande *materialet*, og dela det inn i passelege bolkar i høve til medarbeidarar og band.
 - Ein må setja på så mange *tilsette* av kvar stillingskategori som arbeidsmengda og tida tilseier.
 - Ein må *organisera* redaksjonen effektivt slik at ein får mest mogleg ordbokstekst ut av ressursane.
- Sjå meir om ressursar som krevst i denne bolken og i budsjettbolken.

Dagleg leiing, sjefsredaktør

Det klåraste rådet frå dei to ordboksredaksjonane forprosjektet har vitja, i Leiden og Lund, er at innføring av ein reell dagleg leiar er eit absolutt vilkår for å få gjennomført framdriftsplanar. Som NO har leksikografiske storprosjekt mange stader vore prega av lite tydeleg og hierarkisk leiing. Planar målt både i tid og pengar har sprokke mykje. Det *må* ikkje vera slik.

Tvert imot bør leiinga liggja éin stad, den bør vera fast, og leiaren bør vera ein person med autoritet, helst også p.g.a. god kunnskap om faget. Både i Leiden og Lund var sjefane også sjefsredaktør, og dei var høgt kvalifiserte filologar. Det er vanskeleg å argumentera mot at den ideelle leiaren er sterk i leiing og i leksikografi, og Norsk Ordbok bør søkja etter ein slik person. Ei alternativ løysing vil vera å dela oppgåvene mellom ein «fagleg leiar», hovudredaktøren, og ein administrativ, «dagleg leiar». Hovudredaktør Lars S. Vikør har fleire stader skrive om korleis dette kan organiserast. På Nemnda si oppmoding heiter det i statsbudsjettsøknaden for 2001: «*Dagens leiarskap er tilsett på strengt faglege kriterium, og vil ha ei fulltids oppgåve med å ta seg av det aspektet. Derfor legg vi alt i denne søknaden inn midlar til ei prosjektstilling på førsteamanuensisnivå, i von om at ein person kan tilsetjast tidleg i 2001. Det vil få mykje å seia for styringa av prosjektet.*»

I ein slik modell må ansvaret delast heilt klårt, og den daglege leiaren må ha ansvaret for å følgja opp framdrift og ressursbruk, og såleis ha høgast rang. Eventuelle ønske om endringar må

hovudredaktøren ta opp med dagleg leiar, medan hovudredaktøren er endeleg ansvarleg for all produsert tekst. Krava til dagleg leiar som økonomi-, organisasjonsutviklings- og personalleiar må vera høge. Dette kan ikkje overvurderast. Ho skal forvalta eit årsbudsjett på kanskje opp mot 10 mill kr, styra ein stor produksjon under ein stram tidsplan, og få til nært samarbeid mellom fleire ulike faggrupper, fleire ulike generasjonar medarbeidarar og kanskje fleire ulike stader i landet. NO har dårlege røynsler med økonomistyringssystemet til UiO. T.d. vart ei overskriding på Eksternbudsjettet oppdaga våren 2000, fleire år etter at ho hadde oppstått. Det må vurderast om dette systemet er godt nok til å styra eit prosjekt som er så stort og stramt som dette.

I det daglege arbeidet i redaksjonen må dagleg leiar operasjonalisera alle mål ned på kvar arbeidseining, sjå neste avsnitt, med oppgjeving av arbeidsmengd og tidsfrist. På eigna rapporteringsskjema må arbeidseiningane rapportera framdrift og eventuelle avvik hyppig. Dette er den konkrete målereiskapen i arbeidskvardagen, og sjølve nøkkelen til å få kontroll over ressursbruken i arbeidsprosessen.

Forprosjektet tilrår at Norsk Ordbok snarast får tilsett ein dagleg leiar som helst også er fagleg leiar. Dersom dette ikkje let seg gjera, bør ein dagleg leiar tilsetjast saman med ein hovudredaktør. Desse må ha delte ansvarsområde, men med den daglege leiaren som øvste sjef. Statsløyvinga for 2001 bør prioriterast for dette føremålet, og dagleg leiar bør tilsetjast så snart som mogleg. Forprosjektet meiner leiaren/-ane uansett løysing må tilsetjast i fast stilling, på permanent basis, og ikkje som mellombels prosjektleiar.

Stillingstypar i redaksjonen

I dag er redaksjonen sett saman av 9 personar i redaktørstilling (med litt varierende stillingsbrøk), og 2 personar som driv med administrasjon og kontrolloppgåver. Samanlikna med alle andre ordboksredaksjonar er det få andre medarbeidarar enn redaktørar, her kalla *ordboksarbeidarar*. Dette gjeld t.d. Lund, Leiden og Sør-Afrika (jf. reiserapportane vedlagd og Schalkwyk 1991/92). Intervju med redaksjonsmedlemene i NO har tydeleg vist at dei tykkjer redaktørane har for mangslungne oppgåver, og gjer for mykje som andre med annan kompetanse kunne ha gjort. Dette er oppgåver som t.d. framhenting av kjeldemateriale, enklare kontroll og omformatering av manusfiler. Ved digitalisering av større delar arbeidsprosessen vil meir kunna gjerast utan redaktørkompetanse, og grensene mellom medarbeidargruppene vil bli meir flytande. Redaktørane vil få konsentrera seg meir om kjernen i leksikografien; å utarbeida definisjonar, tydingsnyansar, sitatutval. Varierende vanskegrad på artiklane vil likevel gje variasjon i arbeidet for redaktørane. Ein bør også ta opp til nøye vurdering å spesialisera delar av arbeidsprosessen, gjerne slik at medarbeidarane roterer mellom nokre av spesialområda, sjå nedanfor.

Ein må finna ut kva som er det rette tilhøvet mellom redaktørar og ordboksarbeidarar, og kva for type andre stillingar som er mest tenleg. Med utgangspunkt i SAOBs modell kan ein ny fullteljande redaksjon for Norsk Ordbok (faste og korttidstilsette) utanom leiinga telja t.d. 14 redaktørar, 7 ordboksarbeidarar og 4 IT-medarbeidarar. For kompetansekrav, sjå side 25. Talet på dei to siste gruppene bør vera lågare enn for SAOB sin del, fordi dei tykkjer dei framleis har for mange *assistentar*, og fordi Norsk Ordbok har kome lenger i å ta i bruk IT-hjelpemiddel som gjer noko av arbeidet assistentane elles ville ha gjort. Kvar medarbeidar må ha klårt definerte oppgåver i ein moderne prosjektorganisasjon, og ikkje fungera som personleg assistent for nokon annan. Ein bør vurderer korleis den store redaksjonen best kan organiserast i undergrupper, kanskje på modell frå det dei no prøver ut i SAOB-redaksjonen, der ein redaktør og dei ulike ordboksarbeidarane som har andre oppgåver med ein artikkel, utgjer ei gruppe som til saman utfører heile prosessen frå arkiv til prenteklar artikkel.

Ein bør ikkje leggja opp til berre å ha folk i faste stillingar. Ulike korttidsengasjement er eit gode fordi det kan gje meir fleksibilitet og høgare produktivitet, og fordi det er ein kanal til å rekruttera faste medarbeidarar. Ein modell er Ibsen-senterets «kollasjonistar», som er tidsavgrensa forskingsassistentstillingar for nyutdanna kandidatar. Men også timeløna arbeidskraft, typisk studentar, som er rimeleg, har vilje til å utføra oppgåver ein blir sett til, og kan gjera

rutinearbeid over kortare periodar, vil vera verdfullt. Særskilde opplæringsprogram må innrettast for desse gruppene.

Forprosjektet tilrår at ein opprettar ein stillingsstruktur med redaktørar, ordboksarbeidarar og IT-medarbeidarar. Medarbeidarar bør tilsetjast i eit spekter ulike stillingstypar, frå faste stillingar til timeløna oppdrag.

Spesialisering

Norsk Ordbok kan sjåast som ei samling av ei rekkje underordbøker i ulike fag, og kvar artikkel inneheld i seg sjølv mange ulike typar opplysningar. Dette opnar for at spesialisering kan vera tenleg, både når det gjeld temaval og artikkeldelar. T.d. kan ein nytta særskilt skulerte folk til å grovredigera alle zoologiske artiklar, eller alle med ordtilfang frå primærnæringane, frå folkemusikken o.s.v. Sameleis kan målføreutdanna filologar arbeida ut målføreopplysningane, nokon tek etymologi, medan meir røynde leksikografar tek seg av definisjon og sitatutval t.d. Dette har ein lukkast godt med andre stader, t.d. ved SAOB. I OED-redaksjonen som utarbeider 3. utgåva av ordboka fram til 2010 er heile organisasjonen inndelt i spesialavdelingar, sjå www.oed.com. Vel ein å ta i bruk spesialisering, vil det påverka utgjevingsmåten, slik at det ikkje er tenleg å gje ut eitt og eitt band etter kvart. Det vil m.a. gjera det lettare å få til sikre krysstilvisingar. Dette må ein vurdere opp mot interessene til tingarane av løpande utgjeving.

Ein annan grunn til spesialisering kan geografisk spreining av redaksjonen vera, sjå *Desentralisering av redaksjonsarbeidet* på side 20. Det vil kunna opna for breiare rekruttering av nye medarbeidarar, og det kan NO trengja, så mange folk som skal nyttilsetjast på få år. I tillegg kan ein oppnå større jobbvariasjon ved rotering, og djupare spesialisering for nokre medarbeidarar som det ligg for.

Forprosjektet rår til at redaksjonen i arbeidet frametter innfører spesialisering etter fagområde og artikkelstruktur slik det er mest tenleg for framdrift og arbeidsdeling. Korleis dette eventuelt skal gjerast må styret og redaksjonen avgjera.

Arbeidsplikt

Dagens ordboksstab arbeider store delar av stillingane sine på ordboka. Seks av dei er tilsette på ordinære universitetsvilkår, med 45 % redigering (i st f undervisning), 45 % forskning og 10 % administrasjon. Somme av desse nyttar minst 90 % på ordboksarbeidet. Andre nyttar ein del av stillinga på artikkelskriving og anna forskning, og har teke ut friår. Fire av dei tilsette, dei som er eksterntfinansierte frå Kulturdepartementet, har som norm 85 % ordboksarbeid og 15 % til anna. P.g.a. utlån til samarbeidsprosjekt arbeider ein av desse redaktørane om lag 65 % på ordboka.

Redaksjonen har nokre faste oppgåver som tek tid frå redigeringa. Det eine er å gje språkråd når omverda vender seg til redaksjonen. Det er ein type publikumskontakt som **forprosjektet vil tilrå** at ein held fram med, innanfor rimelege grenser. Revidering av Nynorskordboka er ei oppgåve som oppstår med nokre års mellomrom, og som er venta å ta fleire månadsverk i 2001. **Forprosjektet meiner** denne oppgåva ikkje bør utførast av NO-redaksjonen etter at 2014-prosjektet er sett i gang, og tilrår at t.d. «rest-nynorskunderavdelinga» på INL bør ta denne og liknande oppgåver. Andre større oppdrag, som t.d. deltaking i ALLEX-prosjektet bør redaksjonen ikkje halda fram med når inneverande kontraktar går ut.

I sum tyder dette at i ein ny NO-organisasjon, der alle eller dei fleste nye redaksjonsstillingar skal vera eksterntfinansierte, må det stillast høgare krav om arbeid på ordboka enn i dag, også formelt, slik at medarbeidarane blir frigjorde frå plikt til administrasjon og undervisning utover det høgst naudsynte for å bidra til rekruttering til redaksjonen, sjå avsnittet *Rekruttering og opplæring*. Som Lars S Vikør seier: «*Ei viss særstilling må dei ordbokstilsette få, og det bør vere eit direkte samsvar mellom graden av "særstilling" og dei framdriftskerava ein vil setje til redaktørane.*» (Vikør 1997). I kva grad dette skal gjelda dagens tilsette i universitetsstillingane vil vera eit forhandlingsspørsmål med organisasjonane til dei tilsette, og enklare for nye tilsette i desse stillingane.

Forprosjektet rår til at norma for redaktørar blir sett høgare enn i dag, t.d. til 95 %. Då er det noko tid att til oppdatering i faget og rettleiing av studentar utover ordboksarbeidet. For alle andre stillingar bør arbeidsplikta på ordboka vera 100 %.

Desentralisering av redaksjonsarbeidet

Ein ide om å spreia redaksjonsarbeidet med Norsk Ordbok til fleire akademiske institusjonar i Noreg har vore reist i fleire samanhengar, t.d. i statsbudsjettsøknaden for 2001. Her heiter det: «[I] organiseringa ... må det tenkjast i heilt nye modellar. Det kan t.d. bli tale om å innleie eit samarbeid med andre universitet og høgskolar i ulike delar av landet om å organisere ein desentralisert redaksjon med mindre redaktørgrupper ved dei norskfaglege miljøa der.»

Det er lett å sjå dei gode grunnane til ei desentralisering:

- Mange folk skal rekrutterast, det er lettare med fleire miljø å ta av
- Mykje sterk norskkompetanse sit andre stader enn i Oslo
- Institusjonar andre stader lever i andre samanhengar med språksamfunnet enn Osloleksikografar, og det vil kunna verka opprikkande på heile redaksjonsarbeidet

Denne viktige grunnen talar imot:

- 2014-planen er særst stram og krev stram styring. Det er vanskelegare når redaksjonen ikkje er samla. Dersom det ikkje er mogleg å rekruttera fullteljande redaksjon i Oslo, må ein likevel forsera dette hinderet.

I tillegg er ikkje alt i dataarkiva til NO fullstendig tilgjengeleg, grunna litt veik fotokvalitet på nokre av dei handskrivne setlane. Det er vanskeleg og lite trygt å senda papirarkiv mellom redaksjonsgrupper fleire stader i landet. Dette problemet bør det likevel vera mogleg å koma rundt, så lenge det berre gjeld ein minimal del av setlane (under 2%). Ein gjera det anten 1) ved at ein medarbeidar i Oslo på førespurnad sjekkar dårlege setlar i papirarkivet t.d. ein gong dagleg for dei desentrale redaktørane, eller 2) ved at desentrale redaksjonsgrupper ikkje arbeider med målføresetlar (som er dei fleste av dei lite leselege setlane).

Forprosjektet har vore i kontakt med dei norskfaglege miljøa i Trondheim, Bergen og Volda, og alle desse stadene stiller ein seg i utgangspunktet positiv til å delta i utviklinga av Norsk Ordbok. Vidare tilbyr Kristiansand, Stavanger og Tromsø norskutdanning på hovudfagsnivå, og dei kan såleis også vera aktuelle dersom desentralisering skal prøvast ut.

NO bør byggja opp kontakten med fleire av desse miljøa fordi det kan vera vanskeleg å få tak i nok rekruttar på ein stad i landet. Etter kvart må ein vurdera om ein skal byggja ut desse kontaktane til faktiske redaksjonseiningar. Allereie i dag fungerer ei satellitt-redaksjonsgruppe i NO-samanheng gjennom Tor-Erik Jenstad som arbeider ved NTNU i Trondheim. Gode grunnar talar for å styrkja tilknytninga for Jenstad gjennom å utvida stillingsdelen hans på NO, og samstundes knyta til han 1-3 medarbeidarar i treningsstillingar, slik at ein eller fleire av dei kan byggja opp full redaktørkompetanse. Denne eininga må evaluerast nøye.

Forprosjektet vil tilrå at ein i første omgang byggjer opp ein ny og større redaksjon i Oslo, samstundes med at ein føreteik ei varsam utbygging av den desentrale kontakten ein allereie har i gang i Trondheim med 1-3 personar. Ein kan på nytt vurdera større desentralisering når ein ny og stor redaksjon er stabilisert og i full fart med nye arbeidsmetodar i Oslo. Etter å ha evaluert Trondheimsredaksjonen kan ein vurdera om ein skal gå vidare.

Produksjonsnorm

Ein stort vanske i all ordbokslaging har vore korleis ein måler produktivitet, og i mange prosjekt har ein gått utanom denne vansken. Ein har ofte meint at så mykje handlar om kvalitetsmessige vurderingar at eit kvantitativt mål høver dårleg. «*The idea of productivity is not given much attention in lexicographical projects as it is fairly generally accepted that the productivity of a lexicographer is not measurable*», byrjar WAT-sjef Schalkwyk (Schalkwyk II). Men han slår fast at visst er det mogleg, føresett at desse faktorane blir vurderte når ein vel kor mykje ein redaktør skal klara:

- «the number of citations processed,
- the number of definitions formulated,
- the meaning structure of the headwords dealt with,
- the number of pages of manuscript produced.»

Han seier vidare at utan produksjonsnormer og regelmessig produksjonsrapportering er det umogleg å auka produktiviteten til eit tiltak på ein planlagd måte. Både i WNT og SAOB måler dei produktivitet med grunnlag i talet på handsama setlar, og det er ein viktig faktor. Men med oppsettet til Schalkwyk har Norsk Ordbok eit godt utgangspunkt for å utvikla eit normsystem som kan fungera meir differensiert, saman med «metaordboka», som gjev oversyn over alle komande oppslagsord, vil ein kunna laga ein god planleggings- og målereiskap. Den mest avvikande spesialiteten ved NO samanlikna med andre nasjonalordbøker, er det store dialekt-tilfanget og heimfestinga, og dette må det takast særskilt omsyn til ved fastsetjinga av ei norm.

Forprosjektet vil tilrå at redaksjonen i NO utarbeider eit produksjonsnorm som høver med dei spesielle tilhøva ved NO, ut frå føreliggjande normsystem i andre ordboksredaksjonar. Sjå elles s. 22-23 om ei budsjetteknisk produksjonsnorm i ordboksspalter pr årsverk. Det er ikkje sikkert den eignar seg like godt som planleggings- og målereiskap i det daglege arbeidet.

Oppdatering undervegs

Norsk Ordbok byrja koma ut i 1950 med første hefte, og band 1 kom i 1966. Med så store tidsspenn vil ferdig redigerte delar få stadig større avstand til samtidas krav til ei oppdatert ordbok, ho vil etter kvart bli mindre oppdatert p.g.a. det som ikkje står der. For at verket skal vera ein fullt ut tenleg reiskap for brukarane, må heile verket vera mest mogleg oppdatert. Grunnlaget for dette blir lagt gjennom at samlingane blir vedlikehaldne med nytt materiale, etter kvart meir og meir frå tekstkorpus, heile tida. Spørsmålet er kva tid ein skal arbeida inn dette. Det er eit større problem for brukarane at ordboka ikkje har blitt fullført i ei førsteutgåve frå A til Å enn at dei første delane ikkje er heilt oppdaterte. Før dette har brukarane som ei mellomløyning også Nynorskordboka, som blir oppdatert med stutte mellomrom.

Forprosjektet vil derfor tilrå at redaksjonen no set alt arbeid inn på å få ferdig verket i førsteutgåve til 2014, og så arbeider med oppdatering. «Metaordboka» kan likevel modifisera dette noko, fordi den vil kunna tilby også nyare materiale enn det redigerte undervegs.

Lokale og andre praktiske spørsmål

Forprosjektet har ikkje sett det som ei sentral oppgåve å gå inn i konkrete spørsmål som moglege ledige lokale, utskifting av materiell og teknisk utstyr m.v. Dette er spørsmål som må takast opp etter kvart som dei oppstår, og ansvarlege organ bør gjera det snart. Ein NO-redaksjon på over 25 personar vil sannsynlegvis krevja meir plass enn HF-fakultetet kan tilby i Blindern-blokkene. Forprosjektet føreset at Universitetet i Oslo tek eit spesielt ansvar for å løysa slike praktiske spørsmål.

Budsjett for Norsk Ordbok 2014

Det vil vera viktig for satsinga at Kulturdepartementet held lovnaden om å syta for auke i løyvinga allereie i statsbudsjettet for 2001, bygt på søknaden for det året. I St meld nr 22 (1999-2000) heiter det at Norsk Ordbok er eit «prosjekt som Kulturdepartementet tek sikte på skal vera avslutta tiltobundreårsmarkeringa av Grunnlova i 2014. Det er eit mål som krev auka innsats alt frå 2001.» Meldinga blir ikkje førehavd i Stortinget før regjeringa legg fram budsjettframlegget. Men det skal skje i november 2000, og det er før den endelege budsjettførehavinga i Stortinget. Den store veksten kan ein likevel ikkje rekna med før statsbudsjettet for 2002. Då må veksten koma for at NO 2014 skal kunna bli realisert. Løyvinga kan trappast gradvis opp, men må vera stor nok frå 2002 til at ein kan følgja planane her for tempo på nyttilsetjing, IT-utvikling m.m., sjå tabellen neste side.

Årsverksbehov

Dagens redaksjon er samansett av 7,3 redaktørar i 8 stillingsheimlar, 1 vit. ass., 2 konsulentar og noko IT-hjelp (varierende mellom 0 og 2 stillingar). Berre redaktørane og konsulentane (til saman 9,3 årsverk) kan reknast som direkte produktive i dagens produksjonsprosess. Dette er altså utgangspunktet å samanlikna framtidig produksjonsinnsats med. Totalbudsjettet er på om lag 6 mill kr irekna overhead, med ei personalutgift på 4,75 mill kr. Av totalbudsjettet dekkjer UiO 4,4 mill kr. KD dekkjer 1,6 mill kr.

Dagens redaksjon har p.t. sett seg som mål å produsera 1 hefte på 18 mnd, men har ikkje nådd dette målet for dei siste hefta. Målet tilsvarar 22,9 spalter pr årsverk, eller 29,2 spalter pr redaktørårsverk. I 1995-99 produserte redaksjonen 23 spalter pr redaktøråv. (2 spalter er 1 side i ordboka). Hefte 4 i band 4, som no blir redigert, ligg an til å koma ut på mindre enn 18 mnd. Det er støtte i redaksjonen for at framdrifta kan og bør aukast og nærma seg nivået ein hadde i perioden 1989-1995 (minus 1991), med eitt hefte i året. Då hadde ein rett nok mykje grovredigerte manus frå før å ta tak i, noko som også gjeld for resten av band 4. Eitt år pr hefte gjeld som norm for hefte 4 og 5 i band 4, slik at bandet er ferdig medio 2002. Etter band 4 må redaksjonen byrja på bar bakke utan grovmanus, og det gjer at norma ikkje kan setjast like høgt. Rekruttering og opplæring av nye medarbeidarar vil setja produktiviteten sterkt tilbake i ein overgangsfase.

Men desse 10 faktorane vil gjera sitt til auka produktivitet (alle er skildra nøyare i dei ulike bolkane i rapporten):

- Dataassistert redigering med nytt innskrivingsprogram
- Dataassistert kjeldebruk og -sortering med databaseverktøyet metaordboka
- Meir eksplisitte og stramme redigeringsreglar (redigeringshandbok)
- Strammare intern organisering, med meir avgjerdsrett til redaksjonsleiaren
- Meir langsiktig og tydeleg produksjonsplanlegging
- Rapportering til styret om oppfølging av mål
- Organisering i arbeidsgrupper
- Høgare arbeidsplikt for alle tilsette
- Spesialisering av delar av redigeringa
- Auka bruk av korttidstilsette

Dagfinn Worren skriv i referat frå møte med nemndleiaren 19.3.92 at eksterntredaktørane den gongen hadde redigert i snitt 48 NO-spalter pr årsverk. Dette skulle utgjera 2/3 av framdrifta til dei ordnære redaktørane. Det tilsvarar 72 spalter pr åv. som normal den gongen, då ein hadde mykje grovredigert manus å arbeida med. Worren skriv i notat dagsett 18.9.00 at det ein kan kalla «idealredaktøren», ein røynd fulltidsredaktør, i snitt i åra 1995-99 (utan føreliggjande grovmanus) har levert 30,7 spalter pr åv., og i gode år opp i 50 spalter. Variasjonane er så store grunna ulik mengd av krevjande manuslesing for kollega. Dette må redaksjonsleiaren styra betre i framtida. På denne bakgrunnen, og med dei ti forbettringspunkta ovanfor in mente, er det forsvarleg å setja

ei produksjonsnorm i spalter pr åv. pr tilsett til 40 (alle tilsette). Ytterlegare teknologisk utvikling vil kunna auka denne norma.

For å koma i mål ved utgangen av 2014, har ein 12 ½ år (150 månader) att frå midten av 2002. På denne tida skal 8 band, 40 hefte eller 12800 spalter produserast. Redaksjonen skal i snitt produsera eitt hefte pr 3 ¾ månad, eller noko over 3 hefte i året. Det tilsvarar 1 år og 7 månader pr band. Kvart år skal redaksjonen i snitt produsera 1024 spalter. 12800 spalter tilsvarar 320 årsverk til rein produksjon når norma er 40 sp. pr. åv. Rekrutteringa bør byrja tidleg i 2001.

Forprosjektet føreset, bygd på samtalar med HF-fakultetet, at alle 7 stillingsheimlane i redaksjonen i dag kan fyllast 100% som UiO-finansierte stillingar. I tillegg føreset forprosjektet at dei to IT-stillingane som no er formelt tilknytt etterorganisasjonen til Dokumentasjonsprosjektet blir knytt til redaksjonen på same vilkår. Det er einaste auken det er føreset at UiO skal yta. Då er status 13 årsverk i redaksjonen før auke i KD-løyvinga (4 av desse er KD-finansierte). Dei utgjør 162,5 årsverk frå midten av 2002 og ut 2014. I perioden må 12,5 åv. (1 åv. pr år i snitt) trekkjast frå som avgjeve til «rest-Underavdelinga» under INL. Då står ein att med 150 åv. I overgangsfasen med rekruttering og opplæring må ein rekna med at kvar ny medarbeidar bruker ½ år på rein opplæring, og at redaksjonen må setja av 3 åv. kvart år i 3 år til desse tiltaka før det blir ein del av den løpande verksemda. Det gjev eit fråtrekk på (20 nye medarbeidarar * ½ åv. => 10 åv. og 9 åv., til saman 20 åv., runda av oppover. Behovet for produksjon i 12,5 år er då totalt 190 nye KD-finansierte åv. I snitt er det 15,2 nye åv. pr år.

Innfasinga av nye årsverk må tilpassast at rekruttering vil ta tid, og at veksten i løyvinga venteleg vil måtta skje gradvis. For ein plan over rekrutteringa, sjå side 27.

I tillegg til personalkostnader vil ein større redaksjon krevja større utgifter til «overhead», som m.a. er lokaleleige, teknisk utstyr, infrastruktur, administrative tenester m.m. Litt avhengig av samarbeidsmodellen, kan UiO moglegvis dekkja nokon av desse utgiftene. For dagens KD-løyving opererer ein med ein stillingspris på 400 000 kr. Dette dekkjer ikkje stort meir enn løn og sosiale utgifter. Tabellen nedanfor syner årsverk i dei ulike åra med overheadsatsar på 14% (som er UiOs sats ved «bidrag», og 40%, som er den normale satsen for samarbeidsprosjekt.

Dette er komplekst med tidspunkt for tilsetjing, opplæring, metaordboka, her sett opp i ein forenkla modell.

År	UiO-årsverk	KD-årsverk	KD-pris u/oh. (som no), mill kr	KD-pris m/14% oh., mill kr	KD-pris m/40% oh., mill kr
2000	8,3	4	1,6	1,82	2,24
2001	9	6	2,4	2,74	3,36
2002	8,5	10	4,0	4,56	5,60
2003	8	15	6,0	6,84	8,40
2004	8	18	7,2	8,21	10,08
2005	8	20	8,0	9,12	11,20
2006	8	20	8,0	9,12	11,20
2007	8	20	8,0	9,12	11,20
2008	8	20	8,0	9,12	11,20
2009	8	20	8,0	9,12	11,20
2010	8	20	8,0	9,12	11,20
2011	8	20	8,0	9,12	11,20
2012	8	20	8,0	9,12	11,20
2013	8	20	8,0	9,12	11,20
2014	8	20	8,0	9,12	11,20
Sum			101,2	115,37	141,68

* ½ åv. føreset attverande i Underavd for nynorsk, som redaksjonen blir skilt frå. I snitt 1 åv. f.o.m. 2003

Forprosjektet tilrår budsjettsøknader til KD i tråd med denne tabellen. Ein må koma fram til kva for overhead-sats som skal nyttast framover. Til no har KD-løyvinga vore ein relativt fast sum, og den er i 2000 nytta til å dekkja 4 stillingar a kr 400 000 pr stilling (til løn, sosiale utgifter og overhead). Tabellen kan haldast saman med den på side 27, som viser oversyn over når årsverka bør rekrutterast.

Finansiering:

Kjeldene for finansiering vil i hovudsak vera Kulturdepartementet, Universitetet i Oslo, Noregs forskingsråd (prentekostnader) og Samlaget (marknadsføring, tingarregister). Ein bør sjå nøye etter moglege andre kjelder. Kyrkje-, undervisnings- og forskingsdepartementet og andre som finansierer forskning i Noreg bør ein orientera seg mot. T.d. la siste forskingsmeldinga (St.meld. nr. 39 (1998-99)) la stor vekt på vekst i forskingsmidlane i åra framover. Europarådet og EU har nokre små tilskotsordningar for kulturtiltak, og desse kan vera aktuelle t.d. til konferansar eller anna internasjonalt samarbeid for Norsk Ordbok.

Alternativkostnad

Dersom ein tenkjer seg moglegheita av å driva NO-redigeringa uendra med dagens framdrift og kostnader, er det lett å framskriva kva alternativkostnaden til NO 2014 er. Framdriftsmålet som gjeld i dag vil gje fullføring i 2062. Det er 60,5 år f.o.m. medio 2002. Når årsbudsjettet er 6 mill kr, tyder dette at alternativkostnaden er 363 mill 2000-kr. Det byggjer på dagens 10,3 årsverk pr år til ein snittpris på 582 000 kr, til saman 623 årsverk.

Talet skal målast mot summen av 150 «gamle» og 190 «nye» årsverk til produksjonen av Norsk Ordbok, altså 340 årsverk. Med same årsverkpris kostar det 198 mill kr. Kostnaden for berre dei KD-finansierte årsverka (her alle nye + dei 4 eksisterande) går fram av tabellen på førre side.

Avisa Dagens Næringsliv presenterte 8.4.2000 Kulturdepartementets framlegg om fullføring i 2014, og illustrerte kostnaden med mekanisk bruk av anslag frå Kvitboka, som redaksjonen laga i høve St meld nr 22 (1999-2000). Oppslaget var at «Ordbok koster staten 260 mill.», og tok utgangspunkt berre i nye stillingar. Utrekninga i denne rapporten viser at dette i alle fall var sterkt overdrive. Reknestykket her viser seg at det også ligg god økonomi i påskundinga.

Rekruttering og opplæring

Same kva for vegval som blir gjort for Norsk Ordbok framover, vil det vera eit stort behov for rekruttering av nye medarbeidarar. Alle åtte redaktørane i dag er over 50 år, og minst tre av dei vil ha gått av med pensjon i perioden 2002-07. Dette tilseier at NO må ha ein rekrutteringspolitikk for dei næraste åra. Når redaksjonen etter framlegget i denne rapporten skal meir enn fordoblast krevst det at denne politikken tek form som eit stort rekrutterings- og opplæringsprogram som skal gå over fleire år, og som skal rekruttera fleire ulike kategoriar medarbeidarar. Det må omfatta generelt studietilbod ved instituttet, spesielle treningsopplegg for redaktørar og ulike andre grupper medarbeidarar, og vidareutdanning.

For redaktørar kan ikkje kompetansekravet vera dr. grad eller tilsvarande. Det er ikkje realistisk å få tak i kandidatar nok, og det bør ikkje vera naudsynt for å vera redaktør. Ingen av dei vanlege redaktørane i dagens redaksjon har heller slik formell forskarkompetanse. Det bør likevel arbeidast for at medarbeidarar ved NO kan bli tildelt dr.-stipend, helst øyremerkte frå HF-fakultetet, slik at utviklinga av verket kan nyttast til oppbygging av leksikografisk kompetanse som Norsk Ordbok og norsk leksikografi har bruk for. Kompetansekravet for redaktørar bør vera språkleg eller lingvistisk hovudfag, helst i norsk, og helst med nynorsk bakgrunn. Sjølv om studenttalet har gått noko ned dei heilt siste åra frå toppen på 1990-talet, er talet på hovudfagskandidatar i nordisk språk om lag det same som det har vore, grunna sterkt tilsig frå kandidatar som har teke grunn- eller mellomfag på høgskulane. Tala for dei siste åra ved Universitetet i Oslo (berre nordisk hovudfag, språkleg h.oppgåve) er slik:

Studentar		Hovudoppgåve skriven på	
År	I alt	Nynorsk	Bokmål
1994	14	5	9
1995	21	9	12
1996	23	8	15
1997	21	4	17
1998	21	8	13
1999	18	4	14
2000 (berre vår)	13	2	11
Sum	131	40	91

(Kjelde: Eksamensstatistikk, INL, UiO)

Kandidattala er relativt jamne, og nynorskdelen i desse 6 ½ åra er så høg som 30,5%. Mange fleire studentgrupper kan vera aktuelle, men dette er kjernegruppa.

«Nye NO» vil etter modellen i rapporten vera ein attraktiv stad å arbeida for ferske kandidatar. Den vil vera framtidsretta, by på spennande og utviklande arbeidsoppgåver, og ikkje ha preg av eit livstidsprosjekt for den einkilde.

For medarbeidarar til førebuing og kontroll av redigering bør det vera krav til språkleg høgare utdanning utan at det blir stilt krav om hovudfag. For IT-medarbeidarar og administrative medarbeidarar bør gjelda vanlege krav for slike stillingar. For alle stillingane gjeld at personar tidlegare knytte til Dokumentasjonsprosjektet vil vera ideelle kandidatar.

Semesteremne i leksikografi

Norsk Ordbok har p.t. i praksis ingen rekrutteringspolitikk. Ingen redaktør har vorte tilsett etter Lars S Vikør, som vart hovudredaktør i 1993. Før det skjedde siste redaktørtilsetjing i 1987, då Eksternprosjektet vart sett i gang. Omtrent samstundes sette instituttet i gang med generelt studietilbod i leksikografi for første gong; semesteremnet i leksikografi. Dag Gundersen som var med og bygde opp semesteremnet, har skrive om det (Gundersen 1992). Han seier om behovet for undervisning at ein i leksikografien «i sterkere grad enn i mange andre [fag] står på skuldrene til sine

forjengere», og «at faget derfor egner seg for å læres ved at man som disippel blir innført skritt for skritt av noen som har gått veien før» (s 76).

Men: «Tross alle ufullkommenheter er det likevel mye som taler for å etablere en systematisk undervisning i leksikografi.» Semesteremnet vart oppretta, og Vikør skriv at totalt knapt 70 studentar hadde vore gjennom kurset i tiårsperioden fram til 1998 (Vikør 1998). Han viser vidare til at semesteremnet etter kvart har vorte utvikla for å høva for fleire studentar, gjennom at det frå 1992 har vore mogleg å ta leksikografi som emnekrins til nordisk hovudfag, med eit noko anna pensum, utan oppgaveplikter, men med den same undervisninga. Endå ein ny variant vart sett i gang hausten 1998, då åtte studentar tok denne emnekrinsen som fjernstudium innanfor ramma av eit såkalla «nettbasert hovudfag» i nordisk. Artikkelen er elles i stor grad vigd ei rundspørjing blant tidlegare studentar om korleis kurset har vore, og tilbakemeldingane er i sum gode.

Semesteremnet gjev ei generell innføring i leksikografi og er eit interessant tilbod for alle medarbeidargrupper i Norsk Ordbok. Instituttet bør vurderer om semesteremnet skal tilpassast redigeringa av Norsk Ordbok meir direkte, slik at det i større grad kan fungera som kanal for nye medarbeidarar inn i NO.

Spesielt opplæringstilbod for Norsk Ordbok

Vikør skriv at eit opplæringsopplegg må lagast i samarbeid med Instituttet, Samlaget, Kulturdepartementet, Norsk språkråd og Nemnda, og må godkjennast av alle (Vikør 1997). Noko av opplegget kan koma inn i semesteremnet, anna må leggjast til intern opplæring i NO. Ein må rekna med at det eigne opplegget må reviderast under utprøving på nye redaktøremne, det bør ikkje vera snakk om å laga eit ferdig og fullkome produkt klart til den første kandidaten kjem.

Opplæringstilbod for redaktørar og alle andre medarbeidarar bør byggjast opp kring redigeringshandboka, og anna spesielt opplæringstilfang som det er planar om å utvikla (jf Vikør 1997, som skriv om øvingsbok i redigering). Opplegget bør vera ulike formaliserte kurs med gradvis opptrening vekselvis gjennom praksis, fram mot ein eksamen for å stadfesta at rekrutten er utlært. Her vil den mest avgjerande faktoren vera at dagens røynde redaktørar tek på seg eit ansvar for å overføra sin rike kunnskap om korleis NO skal lagast til ein ny generasjon. Denne unike kunnskapen må ikkje få gå til spille. I det heile må ein sjå dei første åra som tilsett som ei opplæringstid, også etter at ein er i full sving som medarbeidar. Kollegalesinga fungerer som trening for nyare redaktørar.

Å bli ein god ordboksmedarbeidar og leksikograf krev formell kompetanse, men det krev også eit eige handlag med stoffet, som ikkje høver for alle filologar. Me har sett at begge ordboksredaksjonane forprosjektet har vitja har teke konsekvensen av det, og praktisert prøvetid ved alle tilsetjingar, sjå reiserapportar i vedlegg 4 og 5. Alle stillingane knytte til den mellombels oppretta eininga «Norsk Ordbok-redaksjonen» må vera tilsett med vilkår om opphøyr i 2014.

I NO-redaksjonen bør det også vera rom for mange korttidsengasjerte medarbeidarar. Desse vil ein trenga til meir spesialiserte førebuaende oppgåver, kontrolloppgåver og standardiserte oppgåver. Dette kan vera studentar på hovudfagsnivå eller lågare, det kan vera kandidatar utan fast stilling, eller andre. For desse bør NO ha tilbod om timeløna tidsavgrensa kontraktar, eller om tidsavgrensa stillingar på ordinære vilkår. Ein modell her kan vera kollasjoniststillingane ved Ibsen-senteret, som tilsvarar forskingsassistent tilsett på inntil fem års kontrakt.

Personar som blir tilknytt på desse måtane vil kunna gjera viktige oppgåver i redaksjonen, og det vil vera ein god måte å få kontakt med moglege aktuelle personar å rekruttera i faste stillingar. Norsk Ordbok må nytta tilhørsla til Universitetet og studentane på denne måten. Likeins bør det vera rom i nokre av stillingane i redaksjonen til å driva rettleiing på hovudoppgåver og lågare gradoppgåver, for fagleg utvikling, for å følgja med, og ikkje minst for rekruttering til redaksjonen.

Forprosjektet tilrår at Norsk Ordbok:

- opprettar eige opplæringstilbod for nye medarbeidarar
- nyttar kunnskapen til dagens røynde redaktørar i opplæringa
- innfører ei prøvetid på ½ - 1 år ved alle faste tilsetjingar
- opprettar ulike typar korttidsengasjement over ein brei skala

Etter- og vidareutdanning

Mobiliteten på arbeidsmarknaden er ein heilt annan no enn for nokre tiår tilbake, og fordelten med dette er ein nær kontakt mellom arbeidsplassen og arbeidsmiljøet på den eine sida, og omverda på den andre. Ulempa er hyppig opplæring og mogleg ustabilitet. NO bør leggja til rette for stabilitet i den avgrensa fullføringsperioden, men treng ikkje naudsynlegvis ha som mål at heile staben skal vera stabil til ordboka er fullført. NO bør ta høgd for at ein større stab med fleire korttidsengasjement vil gje utskifting, det kan jamvel gjelda for redaktørstillingane. Samstundes bør ein leggja til rette for at folk kan få utvikla seg fagleg på arbeidsplassen. Ein lærdom frå SAOB og WNT er at interne folk som har halde på med førebuing- og kontrolloppgåver etter lang tid og stor opparbeidd kunnskap om ordbokslaginga kan vera ypparlege kandidatar til redaktørstillingar.

At redigeringa i Norsk Ordbok blir datastødd i mykje større grad enn t.d. WNT og SAOB, vil bidra til rekruttering av folk som ser på NO-prosjektet som ein opplærings- og kvalifiseringsfase. Universitetet har ei opplæringsplikt for alle tilsette, og denne gjeld både nyttilsetjing utanfrå og interne tilsetjingar.

Rekrutteringsplan

Så snart ein dagleg leiar er tilsett bør denne gå i gang med å laga ein rekrutteringsplan. Når redaksjonen skal auka frå dagens 10-12 årsverk til meir enn det doble, må rekrutteringa skje gradvis. Den må likevel skje så snøgt som mogleg, helst med minst 2 nye medarbeidarar i faste stillingar i 2001. På desse kan ein prøva ut nytt opplæringsopplegg. Frå så snart som mogleg bør ein knyta til seg personar i korttidsengasjement til avgrensa oppgåver. Desse vil kunna vera interessante rekruttar til faste stillingar seinare. Ein rekrutteringsplan for faste stillingar kan vera om lag som dette (tabellen er i samsvar med den i budsjettbolken, s. 23):

År	Netto nye årsverk	Avgang (tentativt)	Årsverk	Totalt nye KD-årsverk/år	Akkumulert nye KD-årsverk
2000	0	0	12,3	0	0
2001	2,7 (2 KD)	0	15	2	2
2002	4 (KD)	1	18	6	8
2003	5 (KD)	0	23	11	19
2004	5 (3 KD)	2	26	14	33
2005	2 (KD)	0	28	16	49
2006	1	1	28	16	65
2007	0	0	28	16	81
2008	1	1	28	16	97
2009	0	0	28	16	113
2010	0	0	28	16	129
2011	1	1	28	16	145
2012	0	0	28	16	161
2013	1	1	28	16	177
2014	1	1	28	16	193

* Dagens redaktørar har siste avgangår (ved fylte 70 år) 2005, 2006, 2007, 2010, 2014, 2016 og 2017 (2). Dei fyller 67 år, og kan gå av i 2002, 2003, 2004, 2007, 2011, 2013 og 2014 (2).

** Ein i avgang til Underavdeling for nynorsk. For resten av perioden er då føresetnaden 12 "gamle" årsverk.

Redigeringshandbok

Allereie før forprosjektet vart sett i gang, arbeidde hovudredaktør Lars S. Vikør med ei redigeringshandbok for Norsk Ordbok. Handboka vil vera ein av dei viktigaste byggjesteinane for å kunna realisera 2014-planen.

NO har naturlegvis reglar for redigeringa i dag, men dei er ikkje systematiserte på ein måte som gjer dei til ein god dagleg arbeidsreiskap. Dei er mest til hjelp for redaktørar som kan faget gjennom lang tid, og er på ein del punkt ikkje klåre nok. Det fører til noko varierende redigering mellom dei ulike redaktørane, for stort omfang og vanskar med å treffa klåre avgjerder raskt om tvilsame redigeringsspørsmål. For nye redaktørar har det vore vanskeleg å læra seg redigeringskonvensjonane i NO.

Klåre reglar er slett ikkje einaste løysinga for ein meir effektiv NO-redaksjon, og det må understrekast at same kor klåre reglane er, vil det vera eit stort område for skjønn tilbake, som berre kompetente leksikografar kan utøva i det daglege arbeidet. Både klårare reglar og meir arbeid gjort av andre medarbeidarar vil gje redaktørane større høve til å gjera det dei er dei einaste som kan; å utøva kunsten det er å treffa med definisjonar, med sitatbruk, med utval. Reglane vil berre kunna gjera området og temaet for skjønnet tydelegare, og det vil gjera arbeidet lettare for redaksjonen. Ikkje minst vil det vera ein heilt ny situasjon for nyrekruterte medarbeidarar, som vil få eit mykje støare grunnlag å byrja si redigering på.

Redigeringshandboka blir utvikla parallelt med forprosjektet, og vil ta for seg alle sider ved redigeringsarbeidet. Den vil omhandla materialbehandlinga i redigeringa, omfanget på artiklane og eit mest mogleg tydeleg regelverk for vala redaktøren skal treffa innanfor desse rammene. Regelverket skal vera tilpassa det overordna maksimalkravet om 12 band, og gjera det lettare å nå målet om slutføring i 2014. Dette inneber ei innstramming i redigeringa.

Lars S. Vikør har peika på at det uansett er *«umogleg å unngå at ei innstramming fører til at noko går tapt. Det arbeidet som blir lagt ned i NO er fagleg svært solid, men det kan vere eit problem at kvar av oss blir så oppteken av å skrive perfekte enkelartiklar at omsynet til beilskapen kjem i bakgrunnen.»* Då må ein velja: *«Hovudsynspunktet i redaksjonen – som eg sluttar meg til – er at definisjonane, tydingsbeskrivingane, er det sentrale i ordartiklane, og ei innstramming må ikkje føre til at ein reduserer dei faglege krava her. Ei nedskjering av talet på bruksdøme og til dels formopplysningar må ein derimot kunne diskutere og eksperimentere med.»* (Vikør 1994a). Kva dei konkrete konsekvensane i vedtaks form blir av ein vidare klårgjerande kvalitetsdiskusjon må avgjerast av redaksjonen, innanfor rammer som gjeld no, og som måtte bli sette av styret.

Handboka vil vera ferdig til bruk våren 2001. Då skal ho prøvast ut, og etter tilbakemeldingar derfrå skal ho få si endelege form. Handboka skal integrerast i redigeringsapplikasjonen som etterorganisasjonen til Dokumentasjonsprosjektet held på å utvikla, og som er lova i første versjon 1.1.2001. Nokre av dei meir firkanta reglane skal takast inn i programmet, og det vil minska risikoen for slurvefeil ved innskriving.

Andre åtgjerder som kan effektivisera redigeringa og som bør vurderast av redaksjon og styre, er spørsmåla om årstal for stans i ny materialtilgang, om avgrensing av kjelder, om kor grundig og lokal heimfesting av målføreformer skal vera, kor nøye tydingsnyansar med få belegg skal gjevast att, kva for rettskriving som skal nyttast, kva som skal vera kvalitetskriteria, og kva for typografi ordboka skal ha.

Forprosjektet tilrår at redaksjonen legg redigeringshandboka til grunn for arbeidet så snart den er ferdig.

Teknologiske løysingar

Leksikografifaget er i mangt endra av datamaskinen og dei nye moglegheitene den har gjeve. Dei aller største skilnadene ligg i *bruken* av eit ordboksmateriale etter at det er framstilt av ein redaksjon. Utvald og bearbeidd materiale kan overførast til ein leksikalsk database, der det kan lagrast i form av eit nettverk som gjer det mogleg å byggja samanhengar som ikkje går fram av dei trykte ordboksartiklane. Frå databasen kan brukaren på grunnlag av same materialet direkte generera ei nærast uendeleg rekkje av leksikografiske «produkt».

Omlagging av redigeringsarbeidet

Men også i framstillinga av ordbøker og i arbeidet med å gjera ordboksmateriale tilgjengeleg har store endringar skjedd. *Nordisk leksikografisk ordbok* omtalar dette slik: «*Det leksikografiske arbeidet har i de senere år gjennomgått en grunnleggende endring gjennom innføringen av datamaskinen, som må regnes som det leksikografiske hjelpemidlet foran alle andre. Datamaskinen kommer inn i nær sagt alle momenter i ordboksarbeidet.*» (Bergenholtz m fl 1997, s 46). Vidare fortel boka om innmating av kjeldemateriale dels via tastatur, dels gjennom innlesing av maskinlesbar tekst. Kjeldematerialet kan først saman til ein database, som kan manipulerast ved søking, generelle endringar, sortering, kontroll, frekvensutrekning, lemmatisering, homonymseparering og morfologisk og syntaktisk analyse. Når kjeldegrunnlaget finst og lagringa foregår i ein database, har dette òg opna for at ordboksredigering har vorte mindre avhengig av staden; oppgåver kan lett desentraliserast.

Samanlikna med samtidige liknande ordboksverk, t.d. i Nederland (WNT) og Sverige (SAOB), er NO langt framme her, grunna arbeidet til Dokumentasjonsprosjektet. Nesten alt kjeldematerialet er digitalisert, og det er berre sluttsteinen i dette arbeidet som manglar før det er tilgjengeleg fullt ut for bruk i redigeringa, på ein måte som vil gjera at medarbeidarar med lågare kompetanse enn redaktørane kan samanstillast og ordna materialet ein artikkel skal byggjast opp av, og dermed avlasta redaktøren for ei rekkje oppgåver, og gjera fagarbeidet hennar med utforming av definisjon, utval av sitat og målføreopplysningar m.m. mindre tidkrevjande.


Det som manglar for at NO skal kunna ta i bruk det digitaliserte materialet, er eit ferdig redigeringsprogram med direkte oppslag mot databasar som inneheldt alt kjeldemateriale. Redigeringsprogram er eit program som let brukaren gjera oppslag og leggja inn dei ulike delane av ordartikkelen i felt, og som kan konsistenssjekka nokre opplysningar t.d. mot redigeringsreglane og mot rettskrivinga ein har valt, og til slutt leggja opplysningane strukturert inn i ein ordboksdatabase. Frå denne igjen kan ferdige artiklar leverast direkte til publisering. Eit program for NO er under utprøving og er lova ferdig våren 2001.

«Metaordboka» som arbeidsreiskap

Materialet som redigeringsprogrammet skal gjera oppslag mot, er «metaordboka». Det er samanbindinga av dei leksikalske databasane som utgjer kjeldematerialet til Norsk Ordbok. Ein kan kalla det ei ordbok fordi det vil vera éin felles søkeinnang via oppslagsordet til heile dette materialet, sjå figur neste side.

Metaordboka vil samanstillast alt kjeldematerialet til kvart einskilt oppslagsord. Den vil ikkje gje noka anna bearbeiding, og såleis mangla det berre redaktørhovudet og -handa kan gje. Derfor har ho sterke avgrensingar som «publikasjon». Som reiskap for den som skal redigera, vil ho vera svært nyttig. Ho er eit grunnlagsarbeid for redigeringa, som gjer at redaktøren byrjar fleire etasjar høgare enn i dag i arbeidet sitt med å byggja den høgblokka kvar ordboksartikkel er. Alt materialet er skaffa fram, og kan lettare ordnast i ulike homonym, tydingar o.s.v., på skjermen. I statsbudsjettsøknaden for 2000 dagsett 28.1.1999 heiter det at: «*Det arbeidet som da står att for redaktørane i Norsk Ordbok, er å strukturere tydingar og bruksmåtar, lage definisjonar, kort sagt, skape orden i uordna materiale. Med «metaordboka» på plass vil dette arbeidet kunne gå monaleg meir effektivt og snøggare enn i dag.*»

Skjematisk figur av «metaordboka» (fritt etter Ore):



Ein del arbeid står att før «metaordboka» er klar. For det første er oppslagsorda ikkje plukka ut og normerte. For det andre er ikkje alle kjeldene knytte opp mot oppslagsorda. For det tredje er det enno ikkje råd å laga virtuelle «notisbøker» i redigeringsprogrammet i tilknytning til «metaordboka», til å lagra søk som i røynda er skjelett til ordboksartiklar. Den første jobben er i gang, gjennom at ein vit.ass. arbeider seg gjennom alle setlane i setelarkivet, rettar, tek ut uturvande variasjon og normerer setlane til Norsk Ordboks rettskriving. Dette er «ryggrada» i metaordboka. Med denne på plass vil ein kunna skaffa seg oversikt over ordtilfanget og noggrant kunna planleggja storleiken på Norsk Ordbok og banda. På knappe 18 månader har vit.ass.'en gjort unna i-k (58 000 oppslagsord). Eit anslag går ut på at det trengst rundt 4 nye årsverk til resten, og forprosjektet meiner dette bør vera ei høgt prioritert oppgåve fram til 2002. Det krevst god filologisk kompetanse, og anten vide fullmakter til å avgjera kva som skal vera oppslagsord og ikkje, eller løpande samarbeid med redaktørar som kan avgjera det. Den andre jobben er å hekta på kjeldene utanom setelarkivet til dei definerte oppslagsorda. Dette er mykje mindre arbeidskrevjande, og er vurdert til å krevja nokre månadsverk. Den tredje jobben er snart klar, og ein første versjon av denne løysinga er klar til prøving i desse dagar.

Eit minstekrav for effektiv datakommunikasjon er at heile redaksjonen får ei felles plattform på skrivebordet. Forprosjektet tilrår at dei som framleis har Mac snarast får gå over til PC. Formateringsfeil ved sending mellom arbeidsstasjonane i dag skapar i dag ein del heilt unødvendig krøll og tidsspille.

Forprosjektet tilrår at Norsk Ordbok:

- tek innskrivingsprogrammet i bruk i heile redaksjonen så snart det er ferdig
- prioriterer å få ferdig ryggrada i «metaordboka» snarast, og tek denne i bruk i redigeringa, integrert i innskrivingsprogrammet
- får installert same type arbeidsstasjon for heile redaksjonen

Dataarkiv – opphavsrett og tryggleik

NO sin bruk av papirbasert grunnlagsmateriale til ordboksredigering er uproblematisk i høve til opphavsrett. Mange forlag, aviser og andre skriftprodusentar var ei tid skeptiske til å overlata tekstkorpus til vitenskapleg arbeid, p.g.a. faren for urettmessig publisering. Dette er fellesspørsmål for alle som arbeider vitenskapleg med slike tekster, og samarbeid med tekstprodusentar om vederlagsfri bruk er no vanleg ved UiO. NO bør arbeida med å få tilgang til dei nye kjelder ein eventuelt vil ha med i ordboka, som lokale ordsamlingar eller kopora over ny litteratur, på denne måten.

Arkiva til Norsk Ordbok er kulturskattar som må sikrast best mogleg mot brann og andre former for tap. At arkivet i så stor grad er digitalisert gjer lagringa mykje sikrere, og er ein spore til å gjera digitalt det som ikkje er det i dag.

Utgjeving

Bok og nettpublisering

Norsk Ordbok bør koma ut fullstendig i papirutgåve i alle fall éin gong, dette er kjernen i 2014-målet. Eventuell seinare prenting vil vera avhengig av kostnaden og etterspurnaden. Samstundes bør det ikkje vera tvil om at ordboka må publiserast elektronisk på eit tidspunkt. Sjå om «metaordboka» nedanfor. Men sjølve ordboka, samlinga av dei *redigerte* artiklane, må òg gjerast elektronisk tilgjengeleg, på nett og gjerne på CD-ROM eller anna lagringsmedium. Det krev feltmerking av alt utgjeve stoff, medan alt nytt stoff vil bli ferdiggjort for slik publisering ut frå det nye redigeringsprogrammet. Det er prisverdig at redaksjonen har sett i verk innskriving av band 1 og 2, slik at desse snart ligg føre i elektronisk form, men førebels berre i flate tekstfiler, til liks med band 3 og 4. Ei elektronisk utgåve vil gje ei rekkje tilleggsfunksjonar utover det papirboka gjev; raskare oppslag, alternativ sortering, samanlikning, på tvers-søk o.s.v. Ein må seinare ta stilling til om dette skal vera del av 2014-prosjektet eller ikkje, og om det i fall ikkje kan ordnast likevel, utanfor prosjektet. Det treng ikkje vera svært ressurskrevjande.

Elektronisk publisering av utgjevne band av NO kan skje i ei abonnementsteneste. Dette vil flytta ordboka nærare brukarane, og kunna gje prøvetesting til nye brukarar. Dette er ein ny kvalitet ved nettpublisering, som ikkje er mogleg i bokutgåve. Slik publisering av artiklane etter kvart som dei er ferdige, vil også syna at NO veks, sjølv om ein vel redigeringsmåtar som gjer at ein ikkje lenger gjev ut hefte og band etter kvart, fordi ein ikkje arbeider berre sekvensielt utover alfabetet, sjå bolken *Spesialisering* på side 19. Slik bokutgjeving vil sikra større konsistens i (resten av) verket, både m.o.t. tilvisingar, normal og typografiske val. Med ein fasttørra og relativt kort tidshorisont og delmål i planane heile vegen, er ikkje behovet for etter kvart-publisering så naudsynt, korkje for brukarane eller for redaksjonen, som no opplever hefte og band som handfaste milepålar på ei stor havsferd. Tidsbruken ved elektronisk publisering må likevel målast opp mot eventuell tapt tid til redigering.

Forprosjektet tilrår at heile ordboksverket kjem ut i bokutgåve seinast i 2014. Vidare tilrår forprosjektet at ordboka kjem ut i elektronisk utgåve på nettet, men det må seinare takast stilling til om det er råd å realisera dette innanfor eller utanfor 2014-prosjektet. Dette bør redaksjonen og forlaget samarbeida om.

«Metaordboka» som publikasjon

Det er grunn til å svara positivt på spørsmålet om ei offentleg tilgjengeleg «metaordbok» kunne vera ein del av publiseringa av Norsk Ordbok. Christian-Emil Ore spør: «*Kunne man for NO foreta et bevisst valg og publisere verket i bredde først istedenfor som nå i dybde først, det vil si å tilby en ordbok fra A til Å i en gradvis økende finhetsgrad for hver utgave, i stedet for å starte på A og lage hver artikkel helt ferdig?*» (Ore 1997, s 70). Dette er ikkje eit alternativ til redigering av artiklar, men det kan ha verdi å gjera det parallelt. Når redigeringsreiskapen er ferdig, vil det likevel ikkje krevja ekstra ressursar utover det digitaliserte materialet som må stillast til rådvelde for redaksjonen.

Målet med dette er i så fall 1) å kunna tilby brukaren *noko om alt* før ordboka er ferdig, og 2) å kunna tilby spesielt interesserte brukarar (forskarar) meir enn berre dei redigerte artiklane. Om 1) forklarar denne setninga frå statsbudsjettsøknaden for 2000: «*[S]å lenge Norsk Ordbok ikke er fullført, vil «meta-ordboka» kunne fungere som ei erstatning (om langt frå fullgod) for dei som ønskjer opplysningar om dei orda som står att i Norsk Ordbok.*» Dette går ut på å kunna ha eit oppdatert og søkbart *ordboksmateriale* til kvar tid. Sidan fullføringsdatoen for Norsk Ordbok uansett ligg mange år fram i tid, vil dette også vera måten å gjera intensjonen med ordboka tilgjengeleg for brukarane innan rimeleg tid. Ei ferdig «førsteutgåve» av metaordboka bør liggja føre i 2002, jf. åv. tilordna oppbygginga av «rygggrad» i «metaordboka», sjå førre side. Redaksjonen sjølv bør kunna byrja ta ho i bruk tidlegare i redigeringa, fordi ein ikkje er avhengig av å ha ført normeringa gjennom ut Å for det. Når målet er sett så stramt som 2014 for fullføring av heile NO, vil det vera trygt å ha i

bakhand at ein uansett lumske eller gode vindar i planperioden med dette opplegget har ein ordbokspublikasjon som dekkjer A til Å i 2014 og før 2014. Det vil t.d. kunna opna for å publisera nokre opplysningar i artikkelform om alle ord først, og så leggja til resten seinare. Ore nemner at ein kan «legge inn for eksempel detaljerte dialektopplysningar i en senere utgave. En kan dermed øke tempoet gjennom alfabetet slik at en (første) gjennomgang kan gjøres i løpet av en 10-15 års periode.» (Ore 1999).

Til 2) peikar den islandske leksikografen Guðrún Kvaran på at edb no gjev moglegheiter for å presentera det lesaren vil ha av eit ordboksmateriale, for det første gjennom redigering av artiklar, men for det andre ved å gjera grunnlagsmateriale tilgjengeleg. «[Brugeren] er ikke længere tilfreds med en traditionel ordbog, selv en ordbog som foreligger på CD-Rom. Han vil have mer opplysninger og de skulde man forsøge at give ham efterhånden som de foreligger under utarbejdelse af en historisk ordbog.» (Kvaran 1999). Dette er det same som Ore kallar å ta i bruk metodar frå elektronisk edisjonsfilologi³ (jf. Ore 1999).

Forprosjektet tилrår at «metaordboka» blir klårgjort som eit tilgjengeleg søkbart materiale ikkje berre for redaksjonen, men etter kvart også for brukarar over nettet.

³ Edisjonsfilologi er arbeid med tekstkritiske utgaver, der målet er å finna fram til den beste teksten av ulike alternative. Teknikken har utspring i gamal manuskripttolking der ulike avskrifter har varierende innhald. Moderne e. gjer nytte av datateknologiens tilnærma uavgrenså lagringskapasitet som gjer det mogleg å publisera alle variantar, og eventuelt grunnlagsmateriale saman med den vitskaplege publikasjonen. Slik kan andre få høve til å forska i same materialet, eller å etterprøva forskingsresultata.

Kjelder

Bergenholtz 1996	i Kvitboka s 63; Melding av band 3 i Norsk Lingvistisk Tidsskrift nr 1/1996
Bergenholtz m.fl.1997	i Henning Bergenholtz, Ilse Cantell, Ruth Vatvedt Fjeld, Dag Gundersen, Jón Hilmar Jónsson og Bo Svensén: «Nordisk leksikografisk ordbok», Oslo 1997
Bø 1989	i «Ord og mál». Festskrift til Magne Rommetveit, Oslo 1989 s 80-90: Reidar Bø: <i>Arbeidet med Norsk Ordbok</i>
Eaker 1999	i Nordiska studier i leksikografi 4, Helsinki 1999, s 75-84; Birgit Eaker: <i>Vem läser en dialektordbok? – Vem skriver vi för?</i>
Eikeland 1998	i «Normer og regler», Festskrift til Dag Gundersen, Oslo 1998 s 227-232: Inger Eikeland: <i>SGML anvendt ved redigering av ordbøker</i>
Engø 1998	i Ord om Ord 4, Årsskrift for leksikografi 1998, s 11: Anne Engø: «Ordinnsamlinga til Norsk Ordbok»
G. Pedersen 1984	i Motskrift. Arbeidsskrift for språk og litteratur, Nordisk institutt, UiT, nr 2 1984, s 16: Gunnar Pedersen: <i>Om arbeidet med Norsk Ordbok</i>
Gundersen 1992	i Nordiske studier i leksikografi, Oslo 1992, s 76-87: Dag Gundersen: <i>Om leksikografi som undervisningsemne</i>
Hageberg 1992	i Nordiske studier i leksikografi 1 (1992) s 235-242: Arnbjørg Hageberg: <i>Norsk Ordbok – i 1950 eit nybrottsverk, i 1991 ein anakronisme?</i>
Hast 1997	i R 1997: Sture Hast: <i>De fem stora germanska historiska ordböckerna. En kort redogörelse och jämförelse</i>
Hellevik 1963	i Kvitboka s 27: Alf Hellevik: <i>Norsk Ordbok (til NAVF) 1963</i>
Hellevik 1964a	i Kvitboka s 31: Alf Hellevik: Notat om norsk leksikografi og anna innsamlings- og granskingsarbeid som gjeld norsk mál
Hellevik 1964b	i Syn og Segn 1964 s 169-174: Alf Hellevik: <i>Meir om språkbruk og ordbøker (i Kvitboka s 47)</i>
K. Pedersen 1998	i Danske Folkemål, bind 40, 1998, s 105-114: Karen Margrethe Pedersen: <i>Norsk Ordbok. En anmeldelse</i>
Kvaran 1999	i Nordiska studier i leksikografi 4, Helsinki 1999, s 131-138: Guðrún Kvaran: <i>En historisk ordbogs anvendelsesmuligheder</i>
Ore 1997	i R1997: Christian-Emil Ore: <i>Norsk Ordbok, leksikalske databaser og elektronisk publisering</i>
Ore 1999	C-E Ore: artikkelen <i>Metaordboken – et rammeverk for Norsk Ordbok?</i> Konferanseforedrag, Nordisk leksikografikonferanse i Göteborg 1999
R1997	Seminarrapporten <i>Norsk Ordbok – nynorskens leksikografiske kanon?</i> , Oslo 1997
Rider 1994	i Nordiske studier i leksikografi II, Oslo 1994, s 257-262: Inger Hesslin Rider: <i>Ordboksredaktör i dag – personliga reflexioner kring en yrkesroll</i>
Schalkwyk 1991/92	D.J. van Schalkwyk og M.T. Mey: <i>Planning of an Organisational and Post Structure for the Bureau of the Woordenboek van die Afrikaanse Taal (WAT)</i> , artikkel i arkivet til Underavd. for nynorsk, frå 1991 eller 1992.
Schalkwyk II	i LINGUA THEODISCA. Beiträge zur Sprach- und Literaturwissenschaft. Jan Goossens zum 65. Geburtstag, s 575-586: D.J. van Schalkwyk: <i>Co-operative lexicography Årstal?</i>
Skard 1932	Sigmund Skard: <i>Norsk Ordbok. Historie – plan – arbeidsskipnad</i> . Oslo 1932
Venås 1989	i «Ord og mál». Festskrift til Magne Rommetveit, Oslo 1989 s 153-166: Kjell Venås: <i>Kva ventar vi oss av Norsk Ordbok?</i>
Vikør 1994a	Lars S Vikør: <i>Norsk Ordbok: Nokre prinsipielle problem</i> . Notat til møte i Nemnda 25.1.1994
Vikør 1994b	Lars S Vikør: <i>Rapport frå besøk hos fem ordboksredaksjonar 14.-24.2.1994</i> (upubl. notat)

Vikør 1997	Lars S Vikør: <i>Norsk Ordbok – problem og framtidsperspektiv</i> (upubl. notat)
Vikør 1998	i Ord om ord 4, 1998 s 86-92, Lars S Vikør: <i>Leksikografi som studiefag i ti år</i>
Vikør 1999	i Nordiska studier i leksikografi 4 (1999) s 395 – 405: Lars S. Vikør: <i>Fleirgenerasjonsordbøker og tida</i> (i Kvitboka s 103)

Forkortingar og nettstader:

NO Norsk Ordbok: www.hf.uio.no/inl/al/no/

SAOB Svenska Akademiens Ordbok g3.spraakdata.gu.se/saob/

ODS Ordbog over det danske sprog www.dsl.dk

WNT Woordenboek der Nederlandsche Taal www.inl.nl

OED Oxford's English Dictionary www.oed.com

WAT Woordenboek van die Afrikaanse Taal (Sør-Afrika) www.sun.ac.za/wat/index.html

DWB Deutsches Wörterbuch

OSD Ordbok över Sveriges dialekter

www.dictionary.com

Vedlegg

- 1 Fakta om Norsk Ordbok
- 2 Mandat
- 3 Planskjema for hefteproduksjon i Norsk Ordbok
- 4 Reiserapport WNT
- 5 Reiserapport SAOB

Vedlegg 1: Fakta om NO

- 587 000 oppslagsord i setelarkivet, over halvparten "sjeldne" (Engø 1998).
- 3 200 000 setlar i arkivet (Ore 1997) (SAOB 7 mill, ODS 10 mill, OED 30 mill).
- 250 000 målføresetlar (resten diverse skriftmålssitat / -ekserpt)
- 300 000 ord er tenkt inn i ordboka (*Nynorskordboka* har 90 000)
- Over 1000 eksterne medarbeidarar har sendt inn materiale (Engø 1998)
- 340 tingarar tingar 425 eksemplar
- Ekserpt frå meir enn 2000 titlar (Engø 1998)
- Målføreopplysningar frå alle fylka i landet (Engø 1998)
- Andre arkiv utanom setelarkivet: (Engø 1998)
 - Nynorskarkivet til DNLO
 - Ivar Aasen-arkivet
 - Reidar Djupedal-arkivet
 - FELTED-arkivet (55 000 ekserpt vha feltinnskrivingsprogrammet FELTED 1989-93)
 - SGML-arkiv, ca 10 000 ekserpt registrerte i året
- Vedtak i redaksjonen om 12 band, stoff til 2-3 gonger meir
- Økonomi: UiO betaler "universitetsstillingar", KD betaler fire stillingar, Noregs forskingsråd gjev prentestøtte, Samlaget syt for produksjon, utsending og marknadsføring
- Rettskrivinga skal fylgja 1938-reforma. Ved sideformer skal alle oppgjevast. Ved endring i 1959-reforma vert denne oppgjeven. Dialektord vert normerte av redaktøren, og dialektforma får oppføring med tilvising til normalforma ved sterkt avvik.
- Sjangeren er "nasjonalordbok" eller "historisk ordbok". Også "diakron ordbok", "kulturell leksikografi".
- Statsløyving til DNS frå 1929, stønad frå NFR (NAVF) til prenting frå 1949/50 (Hellevik 1963)
- Det har vore planar om desentralisering av arbeidet før: "*Vi arbeider med ein plan om Xerox-kopiering av ordtilfang i Norsk målførearkiv for Nynorsk ordboksverk (og til dels også for Nordiske institutt i Bergen ...). Slik utveksling av tilfang vil kunne rasjonalisere og effektivisere forskingsarbeidet, og bør kunne skeje begge vegar.*" (Hellevik 1964)

Vedlegg 2: Mandat for forprosjektet

Mandat for forprosjekt for Norsk Ordbok 2014

Bakgrunn:

Ordboksverket Norsk Ordbok blir redigert og utgjeve i tråd med avtale mellom Det Norske Samlaget (DNS) og Universitetet i Oslo (UiO) frå 1981.

I St meld nr 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet*, dagsett 17. desember 1999, vert det sett mål for arbeidet med ordboksverket Norsk Ordbok. Her heiter det i avsnitt 8.3.6:

”Utgjevinga av fire nasjonale oppslagsverk fell det naturleg å nemna i tilknytning til bibliotekområdet. Det gjeld Norsk Ordbok, Norsk Riksmålsordbok, Norsk Biografisk Leksikon og Historisk-kritisk Ibsen-utgåve. Dette er prosjekt som Kulturdepartementet tek sikte på skal vera avslutta til tohundreårs-markeringa av Grunnlova i 2014. Det er eit mål som krev auka innsats alt frå 2001.

Norsk Ordbok er i særklasse det tyngste og vanskelegaste av desse prosjekta. Det har hatt statstilskot sidan 1929 og vil med noverande framdrift fyrst vera slutført i 2060. Hovudkostnadene vert borne av Universitetet i Oslo, men i tillegg yter Kulturdepartementet eit tilskot. Norsk Ordbok er planlagd i tolv band og skal gje ei utfyllande vitskapleg framstilling av ordtilfang og ordbruk i norske målføre og nynorsk skriftmål med utførlege tydingar om staving, bøyning, dialektformer og bruksmåtar.”

Meldinga skal førehavast i Stortinget hausten 2000.

Nemnda for Norsk Ordbok har i møtet sitt 24.1.2000 understreka det St meld nr 22 seier om Norsk Ordbok ”*som ei utstrekt hand og ei tillitserklæring*”, og peikt på behovet for ”*for alvor [å] gå inn på å konkretisere korleis dette kan gjerast utan at det går utover den faglege soliditeten.*” I ”Kvitbok om Norsk Ordbok”, utgjeven av redaksjonen våren 2000, heiter at ”[r]edaksjonen vil gjera sitt til å fullføra dette særmerkte verket i 2014 dersom det elles finst menneskelege og økonomiske ressursar til det. Det må likevel seiast at det er eit vågsamt prosjekt, for tidsramma er uvanleg stutt, jamført med tilsvarande ordboksprosjekt.” Vidare har representantar for UiO, ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap (INL) og DNS i møte 23.5.2000 vorte samde om ei skisse til forprosjekt, sjå vedlegg. Instituttstyret ved INL har i møte 5.6.2000 gjort vedtak om at forprosjektet skal gjennomførast etter skissa: ”*Det blir sett i gang eit forprosjekt på 3 månader med ein innleigd medarbeidar for å greie ut om alle sider ved Norsk Ordbok utanom dei faglege, m.a. påskundingsprosjekt med 2014 som sluttdato for prosjektet.*” Det er seinare avtalt med instituttstyraren at utkast til mandat skal leggjast fram for han pr 20.6.2000. Det vil og bli lagt framfor dei andre kontaktpersonane, jf. skissa (vedlegg).

På dette grunnlaget er det klårt at endringar og omleggingar er turvande i utarbeidinga av ordboksverket Norsk Ordbok, for at ordboka skal kunna bli fullført.

Som føresetnad for forprosjektet gjeld:

1. Vedtaket om eit omfang på Norsk Ordbok tilsvarande 12 band. Redaksjonen har ansvaret for dei redaksjonelle grepa i ordboksarbeidet som må til for å halde denne ramma.
2. Kvaliteten på ordboka skal i det vidare arbeidet haldast på internasjonalt godteke nivå for vitskapleg ordbokarbeid.

3. Forprosjektet skal utgreia behov for endringar for å fullføra arbeidet til 2014, og samstundes vurdera eitt eller fleire alternative slutføringsår. Etter fullføringa av Norsk Ordbok skal arbeidet med vedlikehald og utbygging av samlingane halda fram.
4. Heile forprosjektarbeidet må sjåast i samanheng med arbeidet Lars S Vikør gjer med ei redigeringshandbok.

Mandat:

Forprosjektet ved Steinulf Tunesvik skal innan 20. september 2000 leggja fram ein rapport. Rapporten (eller ein førebels versjon av denne) kan vera eit utgangspunkt for innspel til statsbudsjett-drøftingane for 2001 i regjering og Storting, og til søknaden om statstilskot for 2002. Med utgangspunkt i overordna mål skal forprosjektrapporten innehalda framlegg til framtidig organisering av ordboksverket Norsk Ordbok. Som grunnlag for framlegga skal forprosjektet:

(Tilhøvet til omverda til Norsk Ordbok:)

- Vurdera føremålet med Norsk Ordbok i samtida, kven ordboka er til for, korleis ho skal brukast.
- Vurdera behov for betre ekstern kommunikasjon med kundar, brukarar m.v., og betre tilrettelegging i høve til desse, av produktet og undervegs.
- Vurdera publiseringsmåte; under dette frekvens og medium, også for "metaordboka"*.

(Organiseringa av arbeidet:)

- Vurdera dei organisatoriske tilhøva mellom dei ulike aktørane som er involverte i Norsk Ordbok (UiO, ordboksredaksjonen, Kulturdepartementet, DNS, Norsk språkråd, Nemnda for Norsk Ordbok).
- Greia ut alternative modellar for administrativ og redaksjonell styring i Norsk Ordbok.
- Vurdera best mogleg geografisk plassering for redaksjonsarbeidet, under dette kor føremålstenleg det er å opna for desentralisering til fleire fagmiljø, som t d Volda, Trondheim, Bergen.
- Vurdera behovet for og innretting av tiltak som lettar rekruttering til Norsk Ordbok, under dette opplæringsprogram, system for merittering, kompetansekrav, behov for nye studietiltak på instituttet, avsett arbeidsplikt til sjølve ordboksverket.

(Ressursar og budsjett m.v.):

- Vurdera behov for årsverk og budsjett knytt til ulike organisasjonsmodellar.
- Vurdera teknologiske løysingar, som tek omsyn til endringar i leksikografifaget.

Prosjektleiaren skal gå gjennom relevant kjeldemateriale om Norsk Ordbok og andre liknande arbeid. Han skal i forprosjektet samtala med og innhenta opplysningar frå relevante nøkkelpersonar, og innhenta opplysningar om organisering av arbeidet med og brukarrettinga av nasjonale ordbøker i andre land.

Prosjektleiaren skal ha kontor på INL, til å letta den avgjerande viktige kontakten med redaksjonen undervegs. Prosjektleiaren skal ha kontakt med kontaktpersonane for naudsynte avklaringar.

Dersom prosjektleiaren ser behov for endringar i dette mandatet, står han fritt til å ta det opp med kontaktpersonane.

* "Metaordboka" er namnet på Dokumentasjonsprosjektet ved UiO sin ide om ein elektronisk inngang til mykje av materialet som ligg til grunn for redigeringa av Norsk Ordbok. Det er ei blanding av ein leksikalsk database, eit elektronisk setelarkiv, eit historisk ordboksbibliotek og ein ordboksredigeringsreiskap med eit veksande manuskript. Det meste av materialet er tilgjengeleg på verdsveven no, under <http://www.dokpro.uio.no/>

Vedlegg:

Norsk Ordbok 2014

Revidert skisse til forprosjekt
23.5.2000 EF

Bakgrunnen for forprosjektet er utspelet frå Kulturdepartementet om å få definert kva organisatoriske og økonomiske føresetnader som må vere til stades for at Norsk Ordbok skal kunne fullførast innan 2014 (jf. Stm. 22 (1999-2000)). Universitetet i Oslo vil saman med dei interesserte partane Det Norske Samlaget (utgjevar) og Nemnda for Norsk Ordbok gjennom forprosjektet få klarlagt desse tilhøva.

Forprosjektet skal:

- definere behovet for kapasitet til det redaksjonelle arbeidet, irekna språkteknologisk og administrativ kompetanse.
- skissere ein eller fleire modellar for organisering av Norsk Ordbok-prosjektet med moglege alternative fullføringsår, sedde i høve til faktorar som rekruttering og tenleg lokalisering
- leggje fram utkast til budsjett / alternative budsjett / knytt til ulike organisasjonsmodellar

Organisering

Steinulf Tungesvik blir engasjert som prosjektleiar for forprosjektet. Han kommuniserer under arbeidet med representantar frå dei involverte partane (framlegg til representantar i parentes):

INL ved Universitetet i Oslo	(Hans H. Skei)
Norsk Ordbok-redaksjonen	(Dagfinn Worren)
Nemnda for Norsk Ordbok	(Kåre Lilleholt)
Det Norske Samlaget	(Eli Fiskvik)

Prosjektleiaren utarbeider endeleg mandat for arbeidet i samråd med partane og legg fram rapporten til drøfting før arbeidet blir avslutta. Under arbeidet med prosjektet er det viktig med innsyn i det arbeidet Lars Vikør gjer med utforming av ei redaksjonell handbok for ordboka.

Finansiering og gjennomføring

Prosjektleiaren blir tilsett og lønna av INL. Forprosjektet skal gjennomførast i ein 3 månaders periode med ei tidsramme frå 5. juni til 20. september. Rapporten frå prosjektet kan da vere eit utgangspunkt for søknaden om statstilskot for 2002.

Vedlegg 3: Planskjema for hefteproduksjon i 2000

Skjemaet for
hefteprod. i NO.

[Det er ventelig dette skjemat ST siktar til.]

NORSK ORDBOK

Arbeidsplan for hefte 4 av band 4

«Vi tek sikte på å få gjere ut hefte 4 av band 4 i 2001, så tidleg på året som råd.»

Prosjektet for påskunding av Norsk Ordbok
Budsettramlegg for 2001

Steg i arbeidet	Boklar → Sideral pr feb. 2000	Tekstformat		1. a grunthandlar- grøvt ca. 7. s. Red.: MM	b. grøvd- grått 35 s. Red.: MM	c. gråtske- gråsynt ca. 15 s. Red.: MM	d. grå- g-streng 17 s. Red.: MM	2. gu- guerlija 64 s. Red.: DW	3. a guff- gurnne 109 s. Red.: TEJ	b gurnni- gwh 59 s. Red.: TEJ	4. a gøyvut 114 s. Red.: OA	b. gålse 117 s. Red.: OA	c. gål- gålå 33 s. Red.: OA	d. hæ- hæut 60 s. Red.: OG	5. hæ- hæstr 190 s. Red.: OA
		Flat tekst	Ordbokstekst i spalter												
1.	Siste manuskontroll av redaktøren før kollegalesing	Grunnkjelder													
2.	Manuskript-kontroll av kollega	Nedkorting													
		Kritisk gjennomlesing													
3.	Retnings-arbeid	Innføring av rettingar													
		Sittkrøvekontroll													
4.	Sitat- og kjeldarbeid	Kritisk gjennomlesing													
		Nedkorting(sframlegg)													
5.	Til feliformat	Innføring av rettingar v/ red.													
		Retningskontroll ved kollega													
6.	Omforming til spalteformat	Innføring av rettingar v/ red.													
		Retningskontroll ved kollega													
		Støve kontrollarbeid													
		Innføring av rettingar v/ red.													
		Vurdering ved hovudred.													
		Nedkorting													
		Opprensning i W(P)-koding													
		Omforming i feliformat													
		Oppretting av kodefeil													
		Utkyring i NO-format													
		Korrekturlesing													
		Samansving til ei fil													
		Ombygging i spalteformat													
		1. korrekturlesing													
		2. korrekturlesing													
		3. korrekturlesing													
		Mogl. 4 korrektur													
		Posescripfil på CD													

Ved fullført arbeidsoppgåve:
Når eit steg i arbeidsprosessen er gjort, kviterer medarbeidaren med dato og initialar i den aktuelle ruta.

- Sigaturliste:
- AE = Arne Engø
 - AH = Arnbjørge Hageberg
 - DW = Dagfinn Worren
 - GH = Gudmund Harildstad
 - IK = Ivar Illingberg
 - LSV = Lars S. Vikør
 - MM = Magne Myhren
 - OA = Olaf Almenningen
 - OG = Oddrun Grønvik
 - SN = Sigurd Nordlie
 - TEJ = Tor Erik Jensen

Vedlegg 4: Reiserapport frå WNT

Steinulf Tungesvik / 24.7.2000

Rapport frå møte med sjefsredaktør for revideringa av WNT. Leiden.
Marijke Mooijaart. 21.7.00**Kva er WNT?**

WNT (Woordenboek der Nederlandsche Taal) er verdas største ordbok, over nederlandsk, 39 band (+ 1 supplementsband og nokre tilleggsband), påbyrja i 1852, 400 000 oppslagsord, men berre 80-90 000 hovudoppslag, ikkje som NO med separate oppslag for alle ordsamansetjingar. Materialet er ikkje større enn for NO, om lag 3 millionar ordsetlar (det aller meste litteratursitat).

Status for WNT

WNT vart fullført i 1998, som vedteke. Vedtaket om påskunding vart gjort i 1976, og sett i verk frå 1979. Dei gav ut 12 hefte pr år (tynnare enn NO-hefte), og det var 20 hefte pr band – d.v.s. om lag 1 ¾ år pr band. NO har 8 band att etter band 4, og det vil med same takt ta 14 år.

Organisering av WNT som prosjekt

Det er Institutt for nederlandsk leksikologi (INL) som har laga WNT. INL er ei uavhengig stifting, som blir finansiert av statane Nederland (2/3) og Belgia (d.v.s. delstaten Flandern) (1/3). Dei praktiske føresetnadene som lokale, utstyr m.v. blir halde av Universitetet i Leiden. Dei skyt også til ein mindre del av midlane.

Påskundingsprosjektet

Status i 1970-åra var at ein hadde om lag 80 år att. Kva skulle ein gjera? Leggja ned eller påskunda? Ein valde å påskunda, og sette i 1976 inn desse tiltaka:

- Auka staben frå 3-4 redaktørar til 12, og totalt vart dei om lag 30 tilsette. Dette var den desidert viktigaste endringa. Dei tilsette skulle koma frå både NL og B.
- Tilsette sjefsredaktør for første gong, og fekk dermed planlegging, kontroll og oppfølging på ein heilt annan måte.
- Organisasjonen vart delt inn i fire avdelingar
- Produksjonen vart heile tida følgd opp av sjefsredaktøren og styret/AU
- Planlegging på kort og lang sikt vart innført
- Sluttåret vart fastsett til 1998

I det heile vart aktivitetane reorganisert på ein meir strukturert og "businessliknande" måte, som det heiter i brosjyren til INL.

Andre grunnleggjande faktorar:

- Ingen sitat nyare enn 1921 skulle nyttast¹. For revisjonsarbeidet no er grensa 1976.
- Ein skulle halda fast på den tradisjonelle rettskrivinga. Det har vore ein revisjon i 1947, men den skulle dei ikkje ta omsyn til.
- Redaksjonsmedlemene hadde 100 % arbeidsplikt på ordboka. Dei dreiv lite sideverksemd, og var heller ikkje universitetstilsette, og hadde difor t d ikkje undervisning.

¹ Grensa er sett ganske tilfeldig. Ein av redaktørane gjorde denne avgrensinga tidleg på 1970-talet, men ho vart innført for heile ordboka i 1976. Året 1921 vart valt fordi det kom nokre viktige bøker dei ville ha med tilfang frå det året.


- 40% av det eksisterande materialet skulle utelukkast (men dette vart ikkje etterlevd)
- Kutt i talet på ordbokskjelder

Korleis fastsette dei 1998 som sluttår?

- Dei skaffa oversyn over resten av oppslagsorda (jf Metaordboka til NO)
- Dei fastsette så ei norm for artikkelutforminga for første gong, og elles eit fullstendig og spesialisert redigeringsregelverk. Dette var ikkje heilt vellukka, men dei la desto større vekt på det generelle regelverket dei hadde, kall "Canones lexicographici" frå 1962. Denne inneheldt også ei rettleiingsbok for assistentar. CL fastsette m.a. talet på sitat/setlar pr ord pr tidsepoke (t d hundreår) (jf Redigeringshandboka til Lars Vikør)
- Dei vedtok ei norm for produksjonen, på 8000 behandla setlar (sitat) pr redaktør pr år
- Så rekna dei ut kor mange folk og år som trongst for resten. Svaret var 1998. Det vart halde.
- Det var aldri seinare diskusjon om 1998, alternativet var inga ferdig ordbok.

Organisering

(Tala på tilsette gjeld 1992, tala var ikkje heilt konstante)



- Styret var samansett slik: De Nederlandse Taalunie (det felles flamsk-nederlandske språkrådet for nederlandsk) plukkar ut, etter framlegg frå styret sjølv, 2/3 frå NL, 1/3 frå B.
- Styret sette opp planperiodar på 10 år (1978-1988, 1988-1998), og målte etter desse.
- Styret møttest 2 gonger pr år.
- AU (eller "dagleg styre") var samansett av 2 folk frå styret saman med instituttstyraren, og møttest minst 1 gong i månaden, og kunne ta mindre avgjerder for WNT.

Intern organisering i redaksjonen

Sjefsredaktøren er svært tydeleg i redigeringsarbeidet, og har heile perioden vore ein person med sterk fagleg autoritet (3 ulike sjefsredaktørar). Ingen har hatt vanskar med å godta hans avgjerder og posisjon.

Sjefsredaktøren:

- redigerte noko sjølv, men svært lite. Den siste sjefsredaktøren, A. Moerdijk, som fungerte 1989-98, hadde sjølv redigert i meir enn 10 år før han vart tilsett som sjefsredaktør
- såg alle artikkane
- var også administrativ leiar
- publiserte ein del om WNT undervegs, og var såleis saman med forlaget bindeleddet til omverda

Redigeringsarbeidet var delt i 4, og redaksjonen var delt i 4 til dette svarande avdelingar:

- 1) Framskaffing av sitatmaterialet
- 2) Redigering
- 3) Kontroll, korrektur
- 4) Innskriving av ordboksartiklar, klårgjering til prent

1) Framskaffing av sitatmaterialet (11 tilsette)

Det var ein eigen avdelingsleiar for denne sitatavdelinga. Også denne fungerte svært godt. Dei som arbeidde her trong ikkje ha embetseksamen, men 5 måtte vera skulerte i nederlandsk, språkkunnige assistentar. Dei 5 siste var assistentar og måtte ikkje ha høgare språkutdanning. Alle fekk intern opplæring. Assistentane fann fram setlane og fullstendiggjorde sitat og kjeldereferansar. Ofte fotokopierte dei boksida der sitatordet stod, slik at redaktøren kunne gjera ein større del av arbeidet med sitatet der det var vanskeleg. Fann fram data frå andre ordbøker.

2) Redigering (12 tilsette)

Her fann ein dei 12 redaktørane, inkludert aspirantar. Kvar redaktør fekk tildelt bolkar av alfabetet (traject) med oversyn over kor stort materiale som hørde til bolken, og med absolutt frist, dei fylte ut skjema kvart kvartal over korleis dei låg an.

3) Kontroll, korrektur (3 tilsette)

Her fann ein folk med høgare språkutdanning i nederlandsk, men ikkje naudsynlegvis embetseksamen. Også desse fekk intern opplæring. I denne avdelinga kontrollerte dei språk, sitat og overhalding av regelverk. Det var inga "kollegalesing" før utkast hadde vore i denne avdelinga, og derfrå til innskriving (avd 4). Ei utskrift derfrå gjekk i tre eksemplar, til hovudredaktøren, til den redaktøren som hadde arbeidd ut artikkelen, og til ein kollega. Derfrå gjekk artikkelen tilbake til sluttinnskriving.

4) Innskriving (2 tilsette)

Det var sekretærar som skreiv inn. Først her vart datamaskinen introdusert i prosessen. Frå 1982 nytta dei teksthandsamingsprogram, men redaktørane skreiv for hand, heilt fram til WNT var ferdig i 1998. På 80-talet fann ein at det var for lite att til at det ville løna seg å gjera om på arbeidsprosessen.

Rekruttering og opplæring

- Kompetansekravet var embetseksamen. Det kunne ikkje setjast høgare, då ville det ha vore for vanskeleg å få folk.

- Opplæringa gjekk over ein 2-årsperiode.
- 1. året med intensiv rettleiing av ein seniorredaktør, 3 stk var instruktørar (av 12), kvar redaktør var dette 4 mnd om gongen. Alle nye lærte frå 3 ulike redaktørar i det første året. Sjefsredaktøren brukte mykje tid på rekruttane.
- 2. året var det ganske sjølvstendig arbeid, men med grundig vurdering av arbeidet som vart gjort.
- Etter 1. året vart det skriva ein rapport om den einskilde, før dei fekk gå vidare til det meir sjølvstendige arbeidet, og den endelege avgjerda om vedkomande skulle få arbeida ved redaksjonen vart teken etter dei to åra.
- Dette verka rimeleg bra. Men første gongen tok dei inn 5-6 folk på ein gong, og 4 av dei forsvann. Det var for mange. Seinare tok dei inn færre om gongen, og dei nådde opp i 12 redaktørar i 1982, etter å ha byrja i 1976.

Studenttalet på leksikografi er 5-10 studentar i året, det er eit bi-fag til nederlandsk. Kurset er på 1 semester, og dei kan så skriva oppgåve, men det er sjeldan nokon gjer det.

Type tilfang

WNT har som nemnt for det aller meste litteratursitat som tilfang, ved sida av ordbokskjelder. Men det er òg med dialektopplysningar. Dialektord med vidare (regional) utgreiing kan takast med i ordboka, ikkje reint lokale. Det dreier seg om materiale frå dialektordbøker, ikkje målføresetlar.

Produksjon

I løpet av 1980-talet byrja ein å tenkja på å gje ut tidlegare utkomne band. Eit datafirma fekk oppdraget i 1993. Dei fekk skriva inn teksten i India (!), slik at to personar skreiv det same, og dei to vart kontrollert mot einannan. Slik vart det feilfritt, sjølv om skriva inn av framandspråklege. Denne satsen vart prenta, og utgjeven i ei billeggutgåve i mindre format enn originalen. Prisen var berre ca 10% av originalen, nemleg 2000 NLG eller ca 8000 kr. Dei nyaste banda vart utgjevne i dette formatet også etter kvart som dei vart ferdige. Denne "lommeutgåva" vart prenta i 1500 eks., og er utseld. Originalen vart prenta i 800 eks. Prisen her er mellom 10 000 og 20 000 NLG, litt avhengig av kven som kjøper og innbindingsmåte. Forlaget har retten til eventuell nyprinting.

WNT har kome med berre eitt supplementsband, for bokstaven A, i 50-åra. Då vart det lagd planar for ein supplementsserie, men det tok for mykje tid, og ein konsentrerte seg om å få ferdig ordboka.

I 1995 kom ei CD-ROM-utgåve, og komplett utgåve kom på CD-ROM i 1998, saman med bokutgåva. WNT er tilgjengeleg på lokalnettet internt, men INL har ikkje rett til å publisera denne før etter ein del år, noko som er kontraktsfest med dataforlaget.

Brukarkontakt

Etter 1976 daterte dei sitata, fordi dei fornemma at det var nyttig for brukarane å få vita. Men dei har aldri halde noka brukarundersøking. Det var nokre få hundre tingarar undervegs. Ein hadde ingen tingarkontakt utover utsending av hefta kvar månad. WNT har brukarrettleiing, utgjeven i 1994.

Marknaden

Det er ein viss etterspurnad, kanskje vil nytt opptrykk av "lommeutgåva" koma.

I 1998 kjøpte nokre få originalen, det auka ikkje særleg etter at verket var fullført (men hugs prisen på 80 000 kr). Opplaget var då på 800. Undervegs var det eit tingartal på nokre få hundre. Fleire kjøpte CD-ROM-utgåva samstundes. Den hadde ein introduksjonspris på 1900 NLG (knapt 8000 kr), men vart etter 6 mnd justert til 395 NLG (knapt 1600 kr), og prisen for 2. utgåva er 500 NLG (2000 kr). 1. utgåva på 500 eks gjekk relativt fort ut. Forlaga gjer all marknadsføring o.l.

Arbeidet med WNT etter ferdig utgåve

Arbeidet på WNT går vidare med revidering av ordboka, og betre tilrettelegging for ei elektronisk utgåve (digitalisering). Dei har allereie ordboka ute i CD-ROM-format, men tenkjer på internett-utgåve no. Staben på WNT no er 4 redaktørar og 3 andre. Alle andre har fått oppgåver andre stader på INL, anten på revideringa av WNT, på samtidsordboka (med planlagd sluttår sett til 2020, og der ein nyttar alle moderne leksikografiske metodar), på språkdatabanken "Taalbank" eller på ordboka over tidlegmellomnederlandsk.

Kva kan hentast av lærdom for Norsk Ordbok?

Det er truleg mykje, og dei tilrådingane som melder seg for underskrivne med ein gong, er:

- Sjefsredaktør med tydelegare sjefsrolle
- Utvetydige redigeringsreglar i botn
- Nøye rapportering til sjefsredaktøren
- Større støtteapparat rundt redaktørane
- Styre som følgjer produksjonen nøye

Kva verka tungvint ved WNT?

Slett ikkje alt var perfekt ved WNT heller. Det galdt til dømes:

- Ikkje fullstendig redigeringshandbok
- Ingen dataassistanse i redigeringa

Vedlegg 5: Reiserapport frå SAOB

Steinulf Tungesvik / 22.8.2000

Rapport frå møte med ordbokssjef for SAOB. Lund. Anki Mattisson.
17.8.00**Kva er SAOB?**

SAOB (Svenska Akademiens Ordbok) vart påbyrja i 1884 som ei "ordbok för den bildade allmänheten", og er no i 2000 komen til ordet "sväpa" i utgjeving, etter 32 band. Ein ser for seg at heile verket vil bli på 39 - 41 band, slik at det står att om lag like mange som for NO. Svenska Akademien (SA) har vedteke at verket skal vera ferdig i 2017. Materialet er på ca 7 millionar ordsetlar, alt er ekserpt frå skjønnlitteratur og sakprosa, ikkje reint dialekttilfang.

Status for SAOB

Arbeidet skreid jamt, grundig og sakte fram lenge, men på bokstaven S, som er stor, heldt ein på lenge. Dåv. ordbokssjef Hans Jonsson fekk i 1992 i oppdrag å greia ut kva som måtte til for å bli ferdig på 25 år (2017) og på 35 år (2027). 2017 vart vedteke som sluttår, mot viljen til ordbokssjefen, som gjekk inn for 2027. Vedtaket vart likevel ikkje lagt til grunn for redaksjonen før 1996, etter sjefsskifte. No arbeider ein planmessig mot fullføring i 2017.

Økonomien til SAOB

SA finansierer arbeidet, med eit årleg totalbudsjett på 11 mill SEK. Midlane får SA som lysingsinntekter frå det svenske lysingsbladet. Det er no uvisst om bladet kan halda fram, fordi den største annonsøren, Patentverket, vil gå over til nettlising. Ei utgreiing om framtida til bladet og dei som får inntekter frå det, er no på høyring. Det er derfor noko uvisst korleis SAOB kan sikrast inntekt om kort tid, og dette styrkjer behovet for å prova at fullføringsplanen er reell. Slutføring til 2017 skal gjennomførast utan fleire ressursar.

Nye vilkår – nye arbeidsmåtar


Ordbokssjefen frå 1994, Anki Mattisson, var oppteken av dei endra føresetnadene for ordboksredigering no i det 21. hundreåret samanlikna med førre generasjon og tidlegare. Ho hevda at alt vil bli endra når det gjeld arbeidsmåtar, ikkje berre p.g.a. IT, men også fordi folk samarbeider annleis, deler ansvar annleis, likar annleis prosessar.

Ho var oppteken av at ei ordbok må ha kontakt med samfunnet, med brukarar og med dei som finansierer (oppdragsgjevar) – elles er prosjektet snart dautt. Mattisson meiner SAOB har 3-4 år på seg til å visa at dei har rett til livet. Dersom dei ikkje i denne perioden leverer resultat som peikar mot at slutføring i 2017 er realistisk, vil dei risikera å missa stønad vidare.

Ein føresetnad er at kvaliteten skal haldast oppe, men kva er kvalitet? Og for kven? Det kan vera for brukarane, for samfunnet eller for redaksjonen. Omgrepet har slett ikkje eit eintydig gjeve innhald for ordbokslaging, og det kan også variera over tid. Mattisson meiner "nivå" kanskje er eit betre namn enn "kvalitet" på detaljeringsgraden i artiklane. SAOB-redaksjonen godtek derfor at slutføring i 2017 kan henda er umogleg utan nivåsenking, men kvaliteten skal vera like høg.

Organisering

Organiseringa av arbeidet i SAOB kan framstillast slik:



Utgangspunktet for denne organisasjonen vart sett opp etter industrielle førebilete av ein ingeniør i 1920-åra, og skal ha vore inspirator også for WNT si organisering. Mattisson meiner den høver dårleg for dagens røyndom. SAOB er derfor i ferd med å modifisera strukturen kraftig. Det er medvite flytande grenser mellom kategoriane no. Det var inntil nyleg slik at førebuarane låg 5 år før redaktørane, som igjen gjorde arbeidet sitt 5 år før endeleg kontroll vart gjord av ordbokssjefen. Dette gjev ikkje nærleik og lagarbeid. Til januar 2000 hadde SAOB eit akkordsystem for redaktørane. Det fungerte ikkje godt på slutten. Somme arbeidde svært snøgt, men med mange feil, medan andre vart sitjande på kveldar og helger og arbeida samvitsfullt, utan å få meir løn.

Fordi kontrollen var så nøye, sleit nokre av redaktørane seg ikkje ut på å vera nøye sjølv, for dei visste at ting ville bli fanga opp i kontrollen likevel. Dette tenkesettet og dermed dei stadige rettingane av innskrive materiale, må og skal no brytast. Materiale som skal med i ein artikkel skal no takast fram med ein gong, og ikkje meir vurderast.

Førebuarane, kontrollørane og administrativt personale går under fellesnemninga *assistentar*. Administrativt personale gjer kontoroppgåver, klårgjer manus til 1. og 2. korrektur og held kontakten med trykkeriet. Alle i redaksjonen har ordboka som einaste arbeidsoppgåve.

Organisasjonsutvikling

I den nye leiingsfilosofien er det viktig å byggja lagkjensle. Eit problem i den gamle organisasjonen har m.a. vore sterke "klasseskilje" mellom dei ulike personalgruppene. For å få til dette hadde SAOB ein organisasjonsutviklings-prosess med konsulent utanfrå i 1999. Gjennom denne snudde fleirtalet frå å vera skeptisk til sluttårsplanlegging, til å bli for det. Fleire framlegg kom då opp frå staben, og eitt som no blir prøvd ut er *partigrupperarbeid*. "Parti" er ein liten bolk av alfabetet (skal vera om lag 2000 setlar), og gruppa som skal samarbeida om den er 1 redaktør og 1 førebuar som kjernen i gruppa, i tillegg til 1 kontrollør og 1 innskrivar frå administrasjonen. Dei siste to er ikkje med heile vegen, og er lausare

tilknytt gruppa. Kontrolløren (no kalla "controller") har, også etter framlegg frå staben, no også ansvar for tidsfristar, og rapporterer til ordbokssjefen på eit særskilt skjema med oppgåver og tidsfrist. Dette fungerer godt, ein finn ut kven som arbeider godt i lag, og det er meininga at gruppesamansetjinga skal rotera.

Eit mål og ein effekt med dette samarbeidet er også at dei flinkaste assistentane kan byrja skriva (enklare) artiklar. Slik kan intern opplæring og opprykking skje. Nett no er det 6 redaktørar og 3 assistentar som er i trening til å kunna ta redaktøroppgåver. Mattisson ser fram til å få 10 skrivande redaktørar, og 10 assistentar (no er det 6 høvesvis 14).

Rekruttering

I tillegg må nye medarbeidarar rekrutterast utanfrå. Rekrutteringa har vore for dårleg, sjølv om staben på 20 personar har ein relativt låg snittalder, med mange folk i 30- og 40-åra. Det er for få røynde redaktørar, og det er nesten umogleg å rekruttera folk på dr.-nivå, fordi universiteta har så stor avgang og mange stillingar no. Arbeidet i SAOB er meir einsamt, konsentrasjonskrevjande, mindre avvekslande, og stiller kanskje like store krav til legning som til kompetanse elles. Når det er slik, vil SAOB freista endra desse sidene ved jobbinnhaldet om dei kan (jf. t.d. gruppearbeid).

Ved tilsetjing nyttar SAOB 1 års prøvetid. Lovkravet er 6 mnd, men dei tilset først i mellombels stilling eitt år, før dei vurderer om dei eventuelt skal tilby fast tilsetjing. Kompetansekravet for redaktørar er dr.- eller licensiatgrad, men i praksis kan dei ikkje alltid følgja det. Døme er dei internt rekrutterte. Det formelle kompetansekravet for assistentane er hovudfag eller cand. mag. med nordisk/svensk. Hausten 2000 skal dei ha 5 vektta internkurs i arbeidstida, i leksikografi. Av 10 assistentar har 7-8 meldt seg på. Våren 2001 set dei i gang like stort kurs i språkhistorie.

Ved nyrekruttering har Mattisson røynsle med at ferske 30-åringar er ypparleg, men også 50-åringar som har vore lærarar har dei gode røynsler med. Skuleleie lærarar er vane med å arbeida, levera og er utoverretta mot andre. SAOB tenderer mot å bli kvinnearbeidsplass, no er 3 redaktørar og berre 1 assistent menn utanom veteranen Lars Svensson (tidlegare ordbokssjef).

Ordbokssjefen

Ordbokssjefen er både fagleg og administrativ sjef. Fagbakgrunnen til noverande sjef er dr.grad og 15 år på namnegransking på universitetet. Dei 2 førsteredaktørane er vitskaplege granskarar, og tek ein del av sjefskontrollen. Ordbokssjefen har no ikkje tid til å redigera sjølv. Tidlegare ordbokssjefar vore gode leksikografar, men dei har konsentrert seg mindre om administrasjon og økonomi.

Redaksjonsarbeid

I redigeringa freistar ein no å få ned omfanget. Dei ser gjennom alle setlar, men skil hardt ut. Som tommelfingerregel skal om lag 30 % av setelmaterialet når det gjeld samansetjingane med i artikkelen. 95% av hovudorda kjem med. Sidan materialet likevel aldri kan bli eller er fullstendig, har det vore framlegg om å ta ut t.d. kvar 5. setel, for slik å få ei meir handterbar mengd å arbeida med. Dette er likevel ikkje aktuelt i praksis. SAOB er ikkje homogen frå 1884 til i dag, den har vorte prega av skiftande tider og folk. Men redaksjonen lid av "veldig stor følsamhet til materialen. Vi måste från det lite grann." (sitat Mattisson).

SAOB freistar no for første gong få oversyn over alle oppslagsord. Førebuarane arbeider med grovredigering heilt ut til siste ord, jf. arbeidet i NO med "metaordboka". Gjennom dette arbeidet har dei kunna blinka ut særskilt tunge ord, som vanlege preposisjonar, til spesialhandsaming.

Det finst i for liten grad reglar for redigeringa. Tidlegare har det vore sterk motvilje mot å skriftfesta reglar, redaktørane har villa hatt fleksibilitet. Ordbokssjef Lars Svensson h.v. understreka at det krevst meir av ein god redaktør enn å kunna bruka reglar (ein kan læra formalia av reglar, men ikkje sansen for god leksikografi), og meinte at nye folk er litt for opptekne av å spørja etter reglar på alle omkverve. Mattisson hevda at det heller er slik at dei må ha skrivne reglar, fordi dei no får ulike svar på same spørsmål til ulike tider.

Redaksjonen har søkt SA om å setja 1.1.2000 som stopp for nytting til arkivet.

Rettskrivingsnormalen SAOB nyttar er SAOL – Svenska Akademiens Ordlista, til kvar tid. Det gjev ikkje 100% homogent språk gjennom verket.

IT

SAOB har ingen redigeringsapplikasjon, dei nyttar teksthandsaming. Dei har ikkje elektronisk arkiv, utanom diverse korpi. Men ordboka (A – Stå) er ute i gratis nettutgåve:

<http://g3.spraakdata.gu.se/saob/>

I tillegg til at denne har mange oppslag utanfrå, er den til stor hjelp i redigeringsarbeidet. Men den avgrensa bruken av IT-hjelpemiddel i SAOB hadde så langt ikkje i seg sjølv gjeve tidsvinst.

Tilhøvet til oppdragsgjevar

SA kjem for sjeldan utanom "bandfestane" (feiring av nytt utgjeve band). I det heile har dei vist lite interesse. Somme tider har det vore dårlege personlege relasjonar. Dei heilt siste åra har relasjonen betra seg. At SA kjøpte nytt (dyrt) hus til SAOB i fjor er eit prov på tiltru. Huset er også ei investering, der det ligg i Øresundsregionen som mange vonar skal bløma økonomisk.

I år er *Vetenskapligt råd* for SAOB skipa. Der deltek 2 frå SA (no Sture Allén og Bo Ralph), ordbokssjefen og dei to førsteredaktørane (p.t. berre Lars Svensson). Rådet skal rapportera til Förvaltningsutskottet i SA. Rådet skal møtast 3 gonger i året, medan utskottet handsamar SAOB-saker 2 gonger, og då møter også ordbokssjefen. Rådet skal diskutera planen mot 2017 i september 2000.

Planar om desentralisering?

Heile redaksjonen sit no på ordbokshuset i Lund. Men dei nyttar sakkunnige ekspertar som finst over heile landet, til fagtermar. SAOB har diskutert oppretting av avdeling i Stockholm og Uppsala, fordi det er vanskeleg å rekruttera til Lund. I så fall ville dei hatt nye folk inne til opplæring i Lund, t.d. 6 mnd. Men dei ser vanskaner med slik spreining, særleg for lagånd og løpande samarbeid, og førebels har det ikkje vore aktuelt å gjennomføra det.

Brukarkontakt

SAOB har no 800 tingarar (3000 i 1884). Det er mange fleire som er brukarar på nettet (3500 oppslag pr døger). Redaksjonen vil gjerne ha meir kontakt med brukarane. Dei vurderer no seminar med utvalde inviterte brukarar, for å høyra korleis dei nyttar ordboka, for å læra av det. SAOB har aldri gjort noka brukarundersøking. Mattisson stilte spørsmål om kva ein

ordboksredaksjon veit om dagens 20-30-åringar sine behov. Ho svara sjølv "lite", og meinte det bar bod om at lagning av ordbøker over så lang tid som SAOB ikkje bør setjast i gang i vår tid, med skiftande behov.

Marknadsføring skjer på den årlege bokmessa, og gjennom eksistensen på nettet. SAOB får berre eit par nye tingarar i året, ikkje særleg fleire fell frå (institusjonar i stor grad)

Utgjeving

Eit forlag i Lund står for utgjeving og distribusjon, medan SAOB sjølv har lageret. Opplaget er no 2000 (tidlegare 3000).

Supplementsband er ikkje under skriving no. Når ein gjer vedtak om tilgangsstans, må ein også vedta kva tid ein skal supplera. Det skal truleg berre skje i elektronisk utgåve.

Kva kan hentast av lærdom for Norsk Ordbok?

Ein god del ting melder seg for underskrivne:

- Sjefsredaktør med tydelegare sjefsrolle
- Bruken av assistentar som arbeider saman med redaktørane
- Behovet for tydelege redigeringsreglar i botn
- Nøye rapportering til sjefsredaktøren
- Full stans for nytilgang av materiale under redigeringa er til vurdering
- Organisasjonsutvikling med endra organisasjon og samarbeidsformer som resultat
- Fokus på brukarorientert kvalitet, økonomi og administrasjon under redigeringa
- Alle i redaksjonen har ordboka som einaste arbeidsoppgåve
- Planlegging på kort og lang sikt er viktigaste styringsreiskap

Kva verka tungvint ved SAOB?

SAOB lever i og med mange vanskelege faktorar. Det skuldast til dømes:

- Ikkje fullstendig redigeringshandbok enno
- Ikkje dataassistert redigering utover bruk av teksthandsamarprogram
- Lite kontakt mellom oppdragsgjevaren, Svenska Akademien, og redaksjon
- Lite brukarkontakt

Norsk Ordbok
Boks 1001

Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap
v/ styrar Hans H. Skei


Forprosjektrapporten *Norsk Ordbok 2014* av Steinulf Tungesvik

I samsvar med munnleg avtale leverer vi her tekstkritiske merknader til forprosjektrapporten *Norsk Ordbok 2014*. Vi har hatt føre rapporten på to redaksjonsmøte (28.9.00 og 5.10.00) der vi så langt har lagt hovudvekta på faktiske feil og uheldige formuleringar. Det skulle vera tenleg for alle partar at dei opplysningane vi gjev her, er kjende når mogleg vektak om høyring skal gjerast og eventuelle fråsegner lagast.


Vi reknar med å få koma attende med høyringsfråsegn om sjølve innhaldet.

9. okt. 2000

For redaksjonen i Norsk Ordbok



Lars S. Vikør
hovudredaktør



Dagfinn Worren
fung. adm. leiar

Førebels kommentar til Steinulf Tungesvik: Norsk Ordbok 2014 frå redaksjonen i Norsk Ordbok

I denne kommentaren avgrensar vi oss til feil og uheldige formuleringar, og mindre punkt der vi har innvendingar mot vurderingar som er gjorde. Vi tek det side for side.

s. 3, nedst: Riksmålsordboka, bør stå: Norsk Riksmålsordbok

s. 5 over midten: Det bør nemnast at WNT (og SAOB) var/er komne vesentleg lenger fram i alfabetet enn NO.

S. 5 og 7: "eigarane" av Norsk Ordbok er uheldig, trass i hermeteikna. Heller "interessentane"?

S. 8: Organisasjonskartet er ikkje dekkjande. For det første manglar Språkrådet, for det andre går pilene litt forkjært: Løyvinga frå Kulturdepartementet går via Språkrådet og Samlaget til INL, ikkje til redaksjonen (INL forvaltar NOs økonomi).

Stillingstabellen må gjerast samsvarande med opplysningane på s. 22 (jf kommentar til s. 18 nedanfor). Det kan gjerast slik at ein i staden for "Redaktørar" skriv "Faglege funksjonar" e.l., og såleis inkluderer vit.ass.-stillinga (Svardal). Da blir tala rette.

Botnen: Samlaget har også ansvar for lagerhald, ei saksopplysning som bør vere med.

S. 9, midten: "Framdrifta har ikkje auka": Med det er meint alfabetprogresjonen (framdrifta i tydinga hefteproduksjon har auka, sidan det ikkje var produksjon mellom 1978 og 1989, mens det har gått med jamt over eit hefte pr. år seinare (litt større intervall dei siste åra)).

Botnen: "Den teknologiske revolusjonen" gjeld leksikografi generelt, og det går fram når det står "NO arbeider ikkje under slike vilkår i dag", men burde kanskje seiast klarare. "Ekserpering er erstatta av ..." og "Papirarkiv er erstatta av ...": "er" bør skiftast ut med "blir".

S. 10: £ 34.000.000 er pr. i dag ca. NOK 455.000.000.

S. 18, om stillingstypar: Det som står her, bør rettast i samsvar med den korrekte framstillinga på s. 22: "9 personar i faglege stillingar (av dei 8 redaktørar og 1 vit.ass. som arbeider med Metaordboka)" osv.

S. 20: Strekpunkta: Eit ekstra moment imot: Delar av materialet (manuelle arkiv, kjeldelitteratur, det annoterte G-manus) er ikkje tilgjengelege på nettet, slik at det blir nokre praktiske vanskar der.

Over midten: "Under 2 % uleselege setlar": Under 1 % er totalt uleselege, mens drygt 5 % har uleseleg kjelde.

Under midten: Jenstad kan ikkje kallast ei "satellitredaksjonsgruppe" – i beste fall må det på hermeteikn (eller "satellitredaktør").

S. 22, over midten: "Dagens redaksjon har p.t. sett seg som mål å produsera 1 hefte på 18 mnd, men har ikkje nådd dette målet for dei siste hefta." Bør presiserast: "siste to hefta" (i åra før nådde vi stort sett målet).

Same avsnittet: Måleininga for ordbokstekst bør standardiserast, helst til ferdige sider i ordboka. ST bruker spalter på s. 22 og 23, men ordbokssider på s. 5.

Midtavsnittet: "mykje grovredigerte manus": det bør stå: "mykje av redigerte manus". "Etter band 4 må redaksjonen byrja på bar bakke utan grovmanus". Rett: "Etter band 4 er det mindre av redigert manus, for tida er mykje av H dekt, men lenger er ein ikkje komen." – Omgrepet "grov" (-redigert, -manus) er relativt, men her er det til dels brukt om langtkomne manus der det er rettare å skrive "redigert manus" eller berre "manus". "Eitt år pr. hefte gjeld som norm for hefte 4 og 5"; skal vere "18 månader", som sagt først i same avsnittet.

S. 23, over midten: Ifølgje fagdimensjoneringsplanen frå HF skal inga underavdeling under SLM ha færre enn to vitskapleg tilsette. Rapporten baserer seg på "1 åv. pr. år i snitt" til "rest-Underavdelinga". Men når underavdelinga altså skal ha (minst) to årsverk i tillegg til NO, aukar det stipulerte minimumsbehovet med 1 (i snitt 16,2 nye årsverk pr. år).

Tabellen: Bør 2000 takast med her, sidan den løyvinga er gitt og blir brukt no? I alle fall kan ein ikkje operere med tre "KD-prisar" for dette året, så sant ein ikkje føreset at overhead skal dekkjast med ei tilleggsloyving.

S. 24, midten: 2062: Her bør det seiast annleis: Ei framskrivning av den noverande framdrifta vil gje fullføring i 2062 (ordet "framdriftsmål" er feil her).

S. 26 midten: "Kollegalesinga fungerer som trening for nyare redaktørar." Kollegalesing kan vere ulike ting, men vi brukar termen om kvalitetssikring av langtkomne manus. Ei anna sak er at gjennomlesing av manusutkast av erfarne kollegaer bør vere eitt av fleire innslag i opplæringa av nye redaktørar.

S. 30: Tabellen er noko ufullstendig: Grunnmanuskriptet bør inn, mens Storm-synopsen berre er eit prosjekt enno.

S. 31: "flate tekstfiler, til liks med band 3 og 4": Band 3 og 4 er halvveges feltinndelte etter informasjonskategoriar.

Faktaarket: "Over 1000 eksterne medarb.": Det var over 1000 som melde seg, men berre i overkant av 700 som sende inn stoff (Kvitboka, som er kjelde for denne opplysninga, har dessverre ikkje med denne presiseringa).